

Samfunnsutvikling og demografi

Etne 2030

Vegen til 2040



Innhald

Innleiing og bakgrunn	3
Kvifor? Vedtak, demografi og konsekvensar av investering.....	4
Økonomiplan og verbalvedtak	4
Demografi	5
Konsekvensane av planen	8
Korleis? Kostnad, inntekter og samfunnsending	9
Utgifter	9
Inntekter	11
Sjukefråvær	11
Innkjøp.....	11
Samfunnsending	11
Kommune 3.0	12
Kva? Plan mot 2030, og vegen til 2040	12
Konsekvensutgreiing – Metode.....	13
Administrasjon	15
Kvifor?.....	15
Digitalisering	15
Økonomi	15
Korleis?	16
Digitalisering av tenester	16
Rekruttering og rolla som arbeidsgivar	16
Interkommunal samarbeid	16
Innkjøp.....	16
Kva? Tiltak.....	17
Konsekvensutgreiing av tiltak.....	17
Tiltak1: Reduksjon i årsverk.....	17
Tiltak2: Reduksjon i 1% innkjøp årleg.....	17
Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar på eininga.....	17
Oppvekst og kultur	19
Kvifor?.....	19
Demografi.....	19
Fakta – kostra og nøkkeltal.....	21
Korleis?	24
Justering etter talet born.....	24



Born og unge	25
Me set grenser.....	25
Kvalitet og samarbeid	25
Innkjøp.....	26
Kva? Tiltak.....	26
Vurdering av tiltak	27
Justering av tal tilsette i forhold til talet born.....	27
Innkjøp.....	27
Samarbeid mellom einingane.....	27
Konsekvensutgreiing av tiltak.....	27
Tiltak 1: Justering av talet tilsette i forhold til talet born	27
Tiltak 2: Innkjøp	29
Tiltak 3: Samarbeid mellom einingane	29
Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar i sektoren	29
Helse og omsorg	31
Kvifor?.....	31
Demografi.....	31
Kapasitet, vikarbruk og rekruttering	31
Korleis?	37
Bumiljø i nærleik av tenester	37
Tenestestandard og kvalitet	37
Kapasitet, vikarbruk og rekruttering	37
Justering av driftsnivå med bakgrunn i demografi.....	38
Justering av driftsnivå NAV.....	38
Velferdsteknologi og digitalisering	38
Kva? Tiltak.....	38
Vurdering av tiltak	38
Justering av tenester til barn og unge grunna demografi	38
Reduksjon av driftskostnadar i pleie og omsorgstenester	38
Reduksjon av kostnad brukt på innkjøp	39
Justering av driftskostnad interkommunalt samarbeid	39
Konsekvensutgreiing av tiltak.....	39
Tiltak1: Justering av talet tilsette i miljøarbeidstenesta og pleie og omsorg.....	39
Tiltak 2: Justering/reduksjon helsestasjon/familieteam mot reduksjon av barnetal	40
Tiltak 3: Innkjøp (reduksjon av bruk av vikarbyrå)	40
Tiltak 4: Reduksjon av døgnmulkt	40



Tiltak 5: Justering av driftskostnad NAV	41
Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar i sektoren	41
Utvikling og drift	42
Kvifor?	42
Bakgrunn	42
Korleis?	43
Energikostnadar	43
Større fokus på sjølvkost	43
Organisering	43
Kommunal bygningsmasse og eigedom	44
Samfunnsutviklingar og næring	44
Kva? Tiltak	44
Vurdering av tiltak	45
Konsekvensutgreiing av tiltak	46
Tiltak 1: Reduksjon i årsverk på drift og vedlikehald	46
Tiltak 2: Reduksjon i årsverk på Utvikling	46
Tiltak 3: Reduksjon i 1% innkjøp årleg	46
Tiltak 4: Energieffektivisering	47
Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar på eininga	47
Finans	49
Kvifor	49
Korleis?	49
Kva?	49
Oppsummering	51



Innleiing og bakgrunn

Etne kommune ynskjer å vera ein attraktiv kommune som prioriterer bulyst, barn og unge, og folkehelse. Dette kjem tidleg fram i den noverande samfunnsdelen av kommuneplanen og i dei politiske diskusjonane kring budsjett og økonomiplan.

Det har vore uttrykt eit politisk ynskje om å investere i fleire sektorar for å auka attraktiviteten og bulysta, og den noverande investeringsplanen inkluderer mange prosjekt med dette føremålet. Etne kommune er ein kommune med relativt låg gjeldsgrad, og har derfor moglegheita til å investere i fleire samfunnsnyttige og nødvendige prosjekt. Det er stor usikkerheit kring den endelege prislappen på fleire av desse prosjekta, samt usikkerheit kring renteprognosen, men det er klart at desse investeringane vil auka avdrag og rentekostnader i mange år framover.

Demografiske endringar spelar òg ein stor og viktig rolle i økonomien til kommunen, sidan sentrale overføringar (enten i form av rammetilskot eller skatteinntekter) er direkte påverka av aldersgrupper og talet på innbyggjarar.

Driftsresultata for 2022 og 2023, samt ein analyse av dagens utgifter, viser òg at Etne kommune har blitt avhengig av ekstraintekter (konsesjonskraft og havbruksfond) for å levera tenestene sine, noko som ikkje er berekraftig eller fornuftig måte å forvalta desse ekstra inntektene.


Kombinasjonen av desse tre faktorane (investeringar, demografi og dagens økonomi) gjer at den noverande økonomiplanen er i balanse kun med ei forventa reduksjon av utgifter i løpet av dei neste fire åra. I økonomiplanen er summen sett til 17 millionar, men summen vil sannsynlegvis ligga i eit intervall mellom 15 til 20 millionar, som tilsvarar ein årleg reduksjon av rammene på 1%.

Kommunedirektøren har derfor lagt fram eit verbalpunkt i det siste budsjettet som bestiller ein politisk sak der administrasjonen skal skissere korleis denne effektiviseringa skal skje. Saken Etne 2030 dreier seg om korleis Etne kommune skal arbeide målretta for å effektivisera drifta og balansera demografiendringane, investeringsbehova, og gjera oss mindre avhengige av ekstraintekter.

Dette dokumentet, og det endelege vedtaket til kommunestyret, vil gje administrasjonen ein overordna plan som vil forme grunnlaget for framtidige budsjettarbeid. Det blir uansett nødvendig med justeringar og tilpassingar, men dette vil forenkla arbeidet for heile organisasjonen.

Vi byrja å snakke om Etne 2030 midt i førre budsjettprosessen, då vi oppdaga at den noverande økonomiplanen ikkje gjekk i balanse. Vi har diskutert dette i alle HTV- og AMU-møter sidan hausten 2023, og i mange LTV-møter i alle sektorane. Kommunedirektøren har presentert bakgrunnen i alle personalmøte han har deltatt i, og mange av innspela som er inkludert i denne planen kjem direkte frå dei tilsette. Det har vore krevjande å arbeide med dette, men alle einingane har fått ein bestilling om å bidra til denne prosessen, og alle har levert.

I alt strategiarbeid som Etne kommune jobbar med no, har vi alltid starta med å spørje «kvifor». Det er viktig at «kvifor» styrer arbeidet vårt fordi det gir oss eit overordna mål og gjer oss meir bevisste på meininga i arbeidet vårt. Denne metoden er derfor reflektert i heile dokumentet, og i arbeidet som også er gjort i budsjettet. Vi byrjar med å spørje kvifor vi må gjere dette, korleis vi skal gjere det, og til slutt svarar vi på kva dette betyr i praksis.



Kvifor? Vedtak, demografi og konsekvensar av investering

Etne kommune har eit klart fokus på å auke attraktiviteten. Demografiske prognosar viser store endringar dei neste 15-20 åra, og vår hovudoppgåve er å investere i framtida til Etne kommune. Dette inneber å auke den generelle livskvaliteten, tilbodet av fritidsaktivitetar og folkehelsa. Denne prosessen vil krevje ein omfattande tilnærming som vil føre til justering av ressursbruk.

Økonomiplan og verbalvedtak

Etne kommunestyre vedtok ein økonomiplan som viser til innsparingar på 17 millionar kroner i løpet av økonomiplanperioden. Etne 2030 er ein politisk sak som skal vise korleis vi kan effektivisere drifta i same perioden.

Politisk bestilling

Verbalvedtak i budsjett lyder som følgjer:

«Etne kommune står framfor ei spennande tid. Me nærmar oss revisjon av samfunnsdelen i 2024 der prioritering er klart definert innanfor område som barn og unge, folkehelse, bu og næring. Demografisk utvikling peikar på store utfordringar som vil påverka kommunen sine tenesteleveransar og økonomisk utnytting. Planarbeid og tidlegare vedtekne økonomiplanar, i tillegg til den nye planen for 2024-2027, viser eit stort behov for framtidsretta investeringar. Me har eit langsiktig blikk, og kommunen sine planar går mot 2030.

Analyser viser at netto finansutgifter må aukast frå 18 til 32 millionar i løpet av denne økonomiplanperioden. Til tross for rekordhøge kraftinntekter i 2024, er store delar av desse midlane nå nødvendige for å finansiera driftsutgiftene. Kommune analyser viser at Etne i dag brukar 20 millionar meir enn gjennomsnittskommunen i same kostragruppe, noko som korresponderer med ekstra inntekter frå konsesjonskraft. Det er avgjerande at kommunen ikkje blir for avhengig av desse midlane, sidan prognosar indikerer ein markant nedgang i desse inntektene i løpet av økonomiplanen for 2024-2027. Endringar i rammetilskot og skatteinntekter grunna demografisk utvikling vil vera påverkande, med eldre innbyggjarar som genererer reduserte skatteinntekter og minskar rammetilskot knytt til barn og unge, som er blant dei viktigaste inntektskjeldene for kommunen.

Kombinasjonen av investeringsbehov, demografisk utvikling, inntektsreduksjon og utgifter som overstig gjennomsnittet har fleire konsekvensar:

-Redusert bruk av kraftinntekter til å dekkja driftsutgifter.

-Tilpassing av ressursbruk til demografisk utvikling.


-Reduksjon av utgifter for å dekkja auka renter og avdrag som resultat av investeringsplanen.

-Reduksjon av overforbruk i drift.»

Demografi


Demografiutvikling er eit utruleg viktig element i strategi- og planarbeidet, og utgjør eit sentralt kapittel i «Etne 2030». Utviklinga i folketallet er essensielt for alt økonomiarbeid, men òg i alle diskusjonar rundt tenestestandard, attraktivitet og investeringsplanar. Kva type samfunn vi har, og kva type tenester kommunen skal prioritere og levere, er eit fundamentalt utgangspunkt i arbeidet i heile organisasjonen. Her har vi oppsummert nokre av dei mest relevante grafer som viser litt av historikken og framtidige prognosar. Det er alltid ein god del skepsis rundt desse tala, men trass i at Statistisk sentralbyrå (SSB) ikkje alltid treffer prognosane år for år, viser det seg at analysane stemmer ganske bra over lengre periodar (10-15 år).

Det finst fleire element som er felles for dei fleste distriktskommunar i Noreg: ein nedgang i folketallet og ein eldande befolkning. Etne kommune viser òg til desse tendensane, med ein generell (men moderat) nedgang i folketallet som har pågått dei siste 10 åra. Eit unntak var åra 2016-2017, då flyktningar frå Syria førte til ein auke i folketallet i mange distriktskommunar, men effekten av dette var ikkje varig.




Kjelde: Demografimodell - KS

Tal for perioden 2000 – 2024 viser at talet på innbyggjarar har vore stabilt mellom 3850 og 4150, med ein aukande trend fram til 2014. Folketalet har no stabilisert seg dei siste åtte åra rundt 4050-4100.




Kjelde: SSB

Når det gjeld prognosen for 2024 – 2040, viser denne ein nedgang i talet på innbyggjarar, men framleis moderat samanlikna med mange andre distriktskommunar.



Kjelde: SSB

Den viktigaste faktoren som ligg bak desse tala, er alderssamansetninga. Grafen, som viser talet på 0-19 åringar mot 67+-åringar, viser at allereie i 2028 vil Etne kommune vere eit samfunn der det lever fleire pensjonistar enn ungdommar og barn, ein trend som vil forsterke seg dei neste 15 åra.




Kjelde: SSB

Desse tala og grafane gir oss eit godt grunnlag for å analysere kva type utfordringar vi kjem til å møte når det gjeld tenesteleveranse og rekruttering av arbeidstakarar.

Tilpassing av tenestetilbod

Hovudkonsekvensen av desse endringane er at kommunen må auke sine utgifter betrakteleg innanfor helse- og omsorgssektoren i løpet av økonomiplanperioden. Dette vil føre til forventa reduksjon av utgifter innanfor oppvekst- og kultursektoren.

Desse endringane vil skje gradvis og vil krevje at vi tilpassar tenestetilbodet i god nok tid før dei heilt slår ut.



Kjelde: KS


Rekrutteringsutfordringane

I fleire norske kommunar arbeider omtrent 11 % av befolkninga i kommunen. Dette talet stemmer ganske godt også for Etne kommune, der vi har 432 tilsette av 4073 innbyggjarar.

Ein av hovudutfordringane med demografiske endringar er at kommunen vil oppleve ein reduksjon i tilgangen på arbeidstakarar. Det vil bli vanskeleg å rekruttere nye tilsette når ein del av dagens arbeidsstokk går av med pensjon. En reduksjon av 200 innbyggjarar (som er skissert fram mot 2040), vil sannsynlegvis bety at Etne kommune vil måtte klare seg med 20 tilsette mindre. Dette betyr i praksis to ting:

-Det blir ikkje realistisk å auke den totale bemanninga i kommunen.

-Vi må sikre oss at vi effektiviserer bruken av eksisterande ressursar (tilsette).



Konsekvensane av planen

Etne 2030 peikar på behovet for å effektivisere drifta og kjem til å legge føringar for korleis ein slik plan kan gjennomførast. Planen vil bli brukt til å gi oss overordna retning i budsjettarbeidet, men utelukka ikkje at endringar i demografi, statlege føringar og lovverket kan endre prioriteringane.

Økonomiplan og Robek

Det er eit krav at økonomiplanen viser realisme i sine tal, og at alle tiltak er konkrete og spesifiserte.

Uspesifisert innsparing er nok grunn til at Statsforvaltaren kan velje å melde ein kommune inn i Robek-registeret. Dette inneber at ein kommune må vise til konkrete tiltak når den legg inn framtidige innsparingar i ein økonomiplan. For eksempel, tidlegare i år hamna Hammerfest kommune på Robek fordi deira innsparing mangla ein tiltaksplan som sikrar at økonomien blir bringa i balanse.

Etne 2030 er ein tiltaksplan som konkretiserer korleis Etne kommune skal redusere utgiftene sine i løpet av økonomiplanperioden og er eit nødvendig dokument for å unngå å hamne på Robek. Uansett

kva konklusjon den politiske prosessen med Etne 2030 medfører, blir vi nøydd til å ha ein økonomiplan i balanse.

Handlingsrom og investeringskapasitet

Etne 2030 skisserer korleis Etne kommune konkret kan handtere demografiske utfordringar, endringar i dei økonomiske rammene, og investeringsbehova. Dette inneber primært å skape handlingsrom for å gjennomføre nødvendige tiltak og investeringar. Planen vil ikkje peike ut nye investeringar eller tiltak som ikkje er inkludert i dagens økonomiplan, men vil prøve å skaffe handlingsrom for dei folkevalde til å prioritere bruk av midlar i framtida.

Hovudkonsekvensen av å ikkje klare å effektivisere drifta er, i beste fall, ein reduksjon i investeringskapasiteten, og i verste fall, Robek-status. Den vedtatt investeringsplanen er avhengig av auka handlingsrom på driftssida for å kunne betale renter og avdragsutgifter. Dersom vi ikkje klarer å redusere driftskostnadene, må vi kutte i fleire investeringar. I praksis betyr dette at for kvar million vi ikkje klarer å redusere i drift, har vi omtrent mellom 6 til 10 millionar mindre til å investere.

Samtidig er det viktig å merke seg at om Etne kommune hadde stoppa alle planlagde investeringar, ville vi uansett hamne i ein ubalanse: ei reint framskriving av dagens utgifter (utan tiltak) er større enn forventa auke i framtidige inntekter (rammetilskot, skatteinntekter, og kraftinntekter).

Korleis? Kostnad, inntekter og samfunnsendring

Etne kommune må klare å tilpasse utgiftene sine til dei statlege inntektene vi mottar. Prosessen dreier seg om å analysere potensielt overforbruk og område der vi kan tilpasse tenester i tråd med statlege inntekter, samt å vurdere størrelsen på inntektene basert på utgiftene. Rolla til kommunen og korleis samfunnet vil fungere i framtida, blir òg eit viktig element, anten lokalt eller på nasjonalt nivå.


Utgifter

Analysen av rekneskapet viser eit overforbruk på om lag 20 mill. Kostra-tal peikar på overforbruk i fleire sektorar, noko som òg er reflektert i resultatet for 2023: med rekordhøge kraftinntekter (netto 21 mill.), leverer vi eit resultat på berre 1 mill. i pluss.


	Beregnet utgiftsbehov 2023	Netto driftsutgifter 2023			Mer-/mindreforbruk 2023 sammenlignet med		
		Etne kommune	Lands- gjennomsnitt	Etne "normert nivå"	Lands- gjennom- snittet	"Normert nivå"	«Normert og inntektsjust. nivå»
		kr pr innb	kr pr innb	kr pr innb	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr
Barnehage	1,0062	12 093	10 995	11 063	4,5	4,2	0,1
Administrasjon	1,2104	8 914	5 826	7 052	12,6	7,6	5,6
Landbruk	4,5219	616	140	634	1,9	-0,1	-0,1
Grunnskole	1,1263	20 854	17 447	19 650	13,9	4,9	-1,6
Pleie og omsorg	1,2574	35 298	26 087	32 801	37,5	10,2	1,4
Kommunehelse	1,2488	5 351	4 706	5 877	2,6	-2,1	-3,6
Barnevern	0,8107	2 265	2 887	2 340	-2,5	-0,3	-1,5
Sosialtjeneste	0,6855	2 344	3 771	2 585	-5,8	-1,0	-2,4
Sum	1,1336				64,6	23,3	-2,1

Analysen viser at Etne kommune har eit overforbruk i fleire sektorar. Dette tyder på at vi brukar meir enn gjennomsnittet i barnehage, administrasjon, grunnskule og pleie og omsorg. I praksis betyr dette at vi burde klare å levere dei same tenestene som andre kommunar leverer, med å bruke om lag 20-23 millionar mindre enn det vi gjer i dag.

I 2021 og 2022 har ekstraordinære skatteinntekter gitt eit betre resultat enn forventa, men denne trenden har snudd seg i 2023.



Overforbruk i drifta viser seg òg når vi samanliknar oss med andre nabokommunar. Dersom Etne hadde hatt same inntektsnivå som Sveio kommune, så hadde vi hatt 45 millionar mindre i inntekter i 2022 for å levere dei same lovpålagte tenestene.



Inntekter

Kommunen sine frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter) baserer seg på demografi. Når det gjeld skatteinntekter, er det naturleg å forvente ein nedgang i skatteinntekter når fleire av dei yrkesaktive blir pensjonistar i dei komande åra.

Den andre faktoren er at inntekter i form av rammetilskot baserer seg på såkalla «utgiftsbehov», kalkulert på den demografiske samansetninga til innbyggjarane. For perioden 2024-2030 er endringa i rammene ganske markant og viser at, trass demografisk justering, må Etne kommune flytte internt om lag 9 mill. for å klare å levere dei nødvendige tenestene.

Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tjenesteområde som følge av befolkningsendringer							
Endring utgiftsbehov per 1.1	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern	SUM
2024	881	2 673	-2 816	-211	-42	-48	437
2025	1 539	315	-3 440	-112	3	-221	-1 917
2026	57	-2 044	-2 064	-124	-14	-320	-4 510
2027	3 223	-2 516	229	-50	32	-198	721
2028	4 044	-5 976	0	-115	140	-388	-2 295
2029	2 371	-4 246	459	-15	69	-279	-1 641
2030	2 391	-2 831	523	-32	41	-172	-79
Sum 2024-2030	14 506	-14 625	-7 110	-659	230	-1 627	-9 285

Kjelde: KS prognosemodell

Sjukefråvær

Etne kommune har som hovudmål å redusere sjukefråværet med 20% i høve til 2023. Lågare sjukefråvær vil redusere direkte utgifter til lønn, vikarar og administrasjon knytt til å skaffe vikarar. Lågare sjukefråvær kan og gje andre viktige gevinstar, det påverkar arbeidsmiljøet positivt, medfører mindre belastning på medarbeidarane som er på jobb og bidrar til å oppretthalde kvaliteten på tenestene me leverer. Ein arbeidsplass med lågt sjukefråvær og godt arbeidsmiljø er viktig med omsyn til omdømme og rekruttering.

Innkjøp

Etne kommune brukar i dag om lag 60 mill. på innkjøp. I tillegg kjem om lag 70 mill. til i form av overføringar og kjøp av tenester frå andre kommunar. Det overordna målet her er å redusere innkjøp i alle sektorar med 1% årleg.

Samfunnsendring

I tida fram mot 2030 vil Etne samfunnet vera i endring. Forventa endring i folketal og befolkningssamansetnad utfordrar både økonomi og tenester som blir levert av Etne kommune. Ein kan naturleg nok ikkje ta høgde for tilflytting eller for korleis samfunnet utviklar seg om noko uforutsett skulle skje, som til dømes ein pandemi. SSB legg grunnlaget for befolkningsframskrivingane. Tal på fødte vil halde seg på relativt stabile nivå, og er framskrive til omlag 30 per år, ei reduksjon frå tidlegare år. Det blir derfor færre born i kvar barnehage i åra som kjem. Barnetalet går generelt ned i kommunen, og stadig færre elevar kjem til å gå på skule i Etne og Skånevik i åra fram mot 2030.

Det vil kome ei auke av personar i aldersgruppa 16 –19 år, omlag 50 fleire ungdommar enn me har i 2024. Dei vil sannsynlegvis gå på vidaregåande skule andre stader, eller kome heim og ha lærlingplass

i heimkommunen sin. Ei berekraftig utvikling av næringslivet i kommunen er viktig for å ta imot desse, og tilby dei lærlingplass, slik at dei kan busetje seg i Etne etter fullført utdanning.

Innbyggjartalet i aldersgruppa 20 til 66 år utviklar seg negativt i perioden fram mot 2030. Denne utviklinga vil påverke rekruttering til arbeidslivet i tida framover. Det vil bli stadig meir utfordrande å skaffe nok kompetanse til både kommunale tenester og private bedrifter. Færre hender betyr at kommunen stadig må finne meir effektive løysingar for å sikre at me kan levere nødvendige tenester til innbyggjarane i Etne kommune. Det er behov for å utvikle teknologi som optimaliserer arbeidsflyten, som for eksempel videokonsultasjonar med spesialisthelsetenesta, digital heimeoppfølging osv. Ei auka kompetanse på digitale løysingar blir nødvendig i dei fleste alderstrinn, slik at individoppfølging blir prioritert til dei mest sårbare.

I aldersgruppa over 67 år vil me i framtida sjå mange spreke pensjonistar. Ei auka fokus på god folkehelse, førebyggjande medisin og gode behandlingsmoglegheiter i helsevesenet gjer at mange går ein god alderdom i møte. Likevel vil mange oppleve uhelse etterkvart som ein blir eldre, og behovet for helse og omsorgstenester vil auke i takt med at talet på eldre stig.

I tida fram mot 2030 vil Etne samfunnet også måtte ta høgde for klimaendringar som påverkar miljøet. Det er forventa at det kan bli meir regnvêr, ei svak auke i gjennomsnittstemperatur og meir ekstremvær. Dette utfordrar korleis både kommune og næringsliv møter det grøne skiftet, og utviklar seg i takt med framstega på området.

Kommune 3.0

Kompleksiteten i samfunnet er stor, og det er berre mogleg å skape eit godt lokalsamfunn om ein klarar å samarbeide om å løyse utfordringane som ligg føre. Fokus på meistring i alle livsfasar og ansvar for eige liv er sentralt.

Kommune 3.0 er ein visjon for å oppnå ein framtidsretta og berekraftig kommune gjennom samskaping som middel. Samskaping er ein metode der tilsette, politikarar, næringsliv og innbyggjarar går saman som likeverdige partnarar for å skape handlingsrom for lokalsamfunnet. Visjonen har utgangspunkt frå Skanderborg kommune i Danmark, der man tidleg innsåg at eit lokalsamfunn berre kan byggast av dei som bur der, med kommunen si hjelp. Ein går vekk frå tanken om kommunen som serviceytar, og innbyggjarane som kundar. Som likeverdige partar har alle same ansvar for å bygga opp samfunnet, om å hjelpa seg sjølv og andre, skapa arbeidsplassar, gi trygge levekår og sikre økonomisk vekt i vår felles kommune. Det har gjennom dei siste 10 åra spreidd seg ei rekke god tiltak i både Danmark og Noreg som viser at denne visjonen kan gjere oss sterke saman.

Kva? Plan mot 2030, og vegen til 2040

Dette dokumentet viser, sektorvis, kva Etne kommune kan gjere for å lukkast med tilpassinga av driftsnivået. Planen bygger på ein analyse av årsverk (med potensielle framtidige pensjonistar), innkjøp og inntekter. Alle element som er inkludert i «Korleis»-kapittelet, har vore evaluerte og inkluderte i denne analysen, samt innspel og tilbakemeldingar frå alle einingane og tilsette.

Alle eventuelle justeringar eller reduksjonar av årsverk vil følge standard retningslinjer og vil krevje konstruktiv dialog med tillitsvalde for å sikre gode prosessar.

Tiltak	2025-2030
Administrasjon	-2 200 000
Oppvekst og kultur	-8 300 000
Helse og omsorg	-5 600 000
Drift og utvikling	-3 800 000
TOT	-19 900 000

Konsekvensutgreiing – Metode

Metode for konsekvensutgreiing er basert på Statens vegvesen si handbok V712 for prissette og ikkje-prissette konsekvensar, sist oppdatert 2021 i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Føremålet med regelverket om konsekvensutgreiingar er å sørge for at verknadane av planar og tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er belyst og vurdert. Metodikken er med andre ord utarbeidd i tråd med krava i plan- og bygningslova. For å kunne svare på den politiske bestillinga om å utarbeida konsekvensutgreiing av tiltaka i planen Etne 2030 - vegen til 2040 i formannskapssak 025/24, er det følgjeleg gjort tilpassingar til metodikken.

Kvart tiltak i ein konsekvensutgreiing skal greiast ut av omsyn til prissette og ikkje-prissette konsekvensar. Alternativet ein samanliknar med, null-alternativet i tilfellet Etne 2030, er fortsatt drift som i dag (ingen tiltak/situasjon som i dag).

Dei prissette konsekvensane skal vurderast samla i ei nytte-kostanalyse, som er ei berekning av den nytte og dei kostnader som eit tiltak gir opphav til. Nyttan av tiltaka i Etne 2030 kan ikkje utan vidare prissetast, og vert difor rekna som ein ikkje-prissett konsekvens fordelt på verdi og påverknad. «Netto nytte» frå handboka vert her likelydande med kostnadsreduksjon i drift.

Manglande reduksjon i driftskostnader (samanlikna med null-alternativet) har direkte følgjer for investeringskapitalen, i storleiksorden som varierer mellom 1:6 og 1:10. Vi har valt å bruke 1:6 for å forenkla analysen, men dette medfører at det er ein risiko for at prissette konsekvensar er høgare enn det som kjem fram i analysen. Det finst også andre direkte finansielle konsekvensar (dårleg driftsresultat, bruk av disposisjonsfond, ROBEK-status, kompensierende tiltak osv.) som følgje av manglande reduksjon i driftskostnader, men desse er ikkje inkluderte i konsekvensutgreiinga sidan slik vurdering eventuelt må utgreiast når omfanget av tiltaka er endeleg avklart.

Det er også viktig å presisera at prissettinga av alle tiltaka er eit estimat etter beste evne, og at det kan variera med tanke på lønns- og prisvekst framover, i tillegg til dei vanlege lønnsforskjellane blant tilsette.

Ikkje-prissette konsekvensar skal vurderast ut frå ei konsekvensvifte. Konsekvensvifta er ei matrise laga ut frå verdi og påverknad. Vurdering av verdi og påverknad i handboka er basert på ei temainndeling av landskap, kultur og miljø-omsyn. Det må difor gjerast ei tilpassing til bruk i planen for Etne 2030.


Tema vil i vårt tilfelle vera: Tiltaket sin påverknad på fagområdet/avdelinga innanfor ei eining. Vurdering av om eit tiltak vil medføre betring eller forringing innanfor eit fagområde/avdeling vert bestemt som produkt av:

- Verdien: Vurdering av kor stor tyding tiltaket vil ha på eit fagområde/avdeling. Verdi vert delt inn i 5, frå «Utan tyding» til «svært stor tyding».
- Påverknaden: Vurdering av korleis tiltaket påverkar eit fagområde/avdeling. Påverknad vert delt inn i 5, frå «Sterkt forringa» til «betre».

Som resultat vil ein få eit mål på konsekvensen av tiltaket, frå -4 (svært stor negativ konsekvens) til 4+ (svært stor positiv konsekvens). Konsekvensane på einingsnivå kan i sum samanstillast på organisasjonsnivå.

Det er eininga sjølv som best kan talfeste verdi og påverknad av tiltaket, men vurderinga er basert på korleis tiltaka påverkar produktivitet og kvalitet i tenesteleveringa. Denne evalueringa støttar seg på Kostra-analysar som tydeleg viser til overforbruk i dei fleste sektorar samanlikna med andre kommunar. Det er reint umogeleg å identifisere den konkrete årsaka til overforbruk samanlikna med andre kommunar, sidan alle kommunar opererer med ulike løysingar og står overfor ulike utfordringar som gjer kvar kommune unik. Til dømes har Sauda 98% av sin befolkning innanfor ein radius på 2 km, medan Vindafjord har fleire grender spredd over heile kommunen. Sveio har til dømes berre private barnehagar. Nokre norske kommunar har all sin tenesteyting i eit interkommunalt selskap, medan andre leverer alt sjølve.

Etne kommune har likevel om lag 60-65% av sine utgifter knytte til lønningar, og dette er ein naturleg konsekvens av at me ser dette som ein direkte årsak til overforbruk. Det viktigaste for alle organisasjonar som gjennomgår ein effektiviseringsprosess, er å vurdere korleis me utfører oppgåvene (bruker me ressursane våre optimalt?) og å ha ein gjennomtenkt strategi når det gjeld innkjøp (kjøp vs. leasing, til dømes).



Figur. Konsekvensvifta med tilhøyrande forklaring på fargane. Kjelde: Handbok V712, Statens vegvesen.

Alle sektorar presenterer sin konsekvensutgreiing i sine kapittel. Hovudfunnet er at det generelt er vanskeleg å tilpasse årsverk og tenestenivå til inntektene og oppgåvene. Til dømes, innan skule og oppvekstsektoren fører ein reduksjon i talet på barn, trass i ein nedgang i inntektene, ikkje direkte til ein moglegheit for å redusera talet på årsverk før talet på klasser minskar. Dette gjer små klassar og skular særleg kostbare. Det same gjeld innan helse og omsorg, der endringar i pasientane si helsetilstand krev kontinuerleg justering av årsverk. Det blir fundamentalt å kunne utnytta ledige stillingar og vikarar på tvers av einingane.

Meir generelt er små einingar i gjennomsnitt dyrare fordi endringane i arbeidsoppgåver skjer raskare enn kommunen kan justera årsverk. Til dømes, om me digitaliserer ein del oppgåver innan administrasjonen, vil det ikkje direkte gjera ei stilling overflødig, men det vil auka lisens- og innkjøpskostnadane. Samarbeid på tvers av einingar blir derfor ein stadig viktigare faktor i framtida, samt bruk av styringsrett for å tilpasse arbeidsoppgåvene til dei nåverande behova.

Administrasjon

Samfunnet vårt er i stadig endring, det utviklar seg kontinuerleg og administrasjonen må vera i stand til å møte endringane på ein effektiv måte. Administrasjonen skal sikre effektiv ressursstyring, iverksetting av politiske vedtak og utøving av arbeidsgjevarrolla, fagleg støtte innan økonomi, personal og IKT, samt sikring av gjennomgripande strategiar på tvers av heile organisasjonen.

Rammeområde administrasjon omfattar 4 resultateiningar: overordna; økonomi og lønn; kvalitet og personal; og EVIKT. Administrasjonen arbeider både med organisasjonen sine hovudmål og med dei nødvendige stab-/støttefunksjonane som må til for å styre og vedlikehalde drifta av kommunen. Samla har administrasjonen 22,4 årsverk og 24 tilsette.

Kvifor?


Digitalisering

Administrasjonen må vere i stand til å møte dei stadige endringane i samfunnet vårt og dei endra behova i tenesteleveransen til kommunen. Administrasjonen har arbeidd ei stund med å definere ein ny digitaliseringsstrategi. Vi har allereie samla alle innkjøp av lisensar, og neste steg blir å byggje opp nye løysingar som kan forenkle sakshandsaminga. Vårt kvifor er: «Me ser framover og er på lag for smarte løysingar, slik at me kan levere gode tenester til innbyggjarane våre.»

Prioriteringa blir derfor å finne ut korleis digitalisering kan hjelpe oss å levere betre tenester til innbyggjarane, ved å redusere talet på manuelle oppgåver administrasjonen handterer. Demografiske, teknologiske og økonomiske endringar, samt endringar i lovverk og reguleringar, gir kommunen både moglegheiter til å omdefinera måten vi arbeider på. Dette krev også investeringar i opplæring og utvikling av tilsette for å styrke våre ferdigheiter og evner, slik at vi kan tilpasse oss endringar og nye teknologiar.

Økonomi

Administrasjonen brukar meir enn gjennomsnittet og meir enn referansekommunane. Vi må sjå på moglegheitene for å effektivisere denne sektoren og redusere utgiftene.



Korleis?

Administrasjonen står overfor ei spanande tid prega av omstilling og utvikling. Fleire faktorar vil påverke strategi og prioritering av sektoren framover.

For å skape eit godt team, treng me ei klar fordeling av roller og ansvar. Det er viktig med tydelege mål, gode prioriteringar, og at kvar einaste medarbeidar veit kva hen har ansvar for. Leiarane våre spelar ei svært viktig rolle i dette; dei er nøkkelen til å få organisasjonen til å fungere som eit lag som arbeider mot eit felles mål. Etne kommune ynskjer seg mestringsorienterte leiarar som støttar opp om og legg til rette for at medarbeidarane våre skal lære og utvikle seg. Ein organisasjon med mestringsorientert leiing og eit godt meistringsklima er lærande, fleksibel, god til å handtere endringsprosessar og har lågare sjukefråvær.

Kommunikasjon, media og marknadsføring av kommunen vil også bli ein viktig del av strategien til Etne kommune.

Digitalisering av tenester

Det ligg eit stort potensial i å effektivisere drifta gjennom bruk av nye programvarer og optimalisering av arbeidsprosessar. Å optimalisere arbeidsprosessane kan frigjere ressursar til både utvikling og internkontroll. Vi må utvikle strategiar for å sikre effektiv ressursbruk og kostnadshandtering, samtidig som vi leverer dei nødvendige tenestene og opprettheld eit balansert budsjett. Det er essensielt å definere ein digitaliseringsstrategi som kan forenkle administrative prosessar, forbetre tenesteleveringa og handteringa av data. Dette krev også investeringar i opplæring og utvikling av dei tilsette for å styrke våre ferdigheiter og evner, slik at vi kan tilpasse oss stadige endringar og nye teknologiar.

Rekruttering og rolla som arbeidsgivar

Å rekruttere nok og rett kompetanse vil vere ei stor utfordring framover. Det bør utarbeidast ein arbeidsgivarstrategi med hovudfokus på leiing, kompetanseutvikling av eigne tilsette, og å rekruttere og behalde tilsette. Reduksjon i årsverk i administrasjonen kjem som ein følge av effektivisering av organisasjonen, der me kartlegg og vurderer ansvar, arbeidsoppgåver og arbeidsprosessar, i tillegg til å vurdere samarbeid med andre kommunar. Reduksjonen vil skje gjennom naturleg avgang. Digitaliseringsprosessane til no har vist at det er fleire manuelle arbeidsoppgåver som kan fasast ut, noko som vil redusere talet på årsverk i administrasjonen over tid.

Eit godt partssamarbeid er essensielt i arbeidet med å endre og effektivisere organisasjonen. I alle endringsprosessar og i arbeidet med strategiar må vi sikre godt samarbeid med og involvering av tillitsvalde og verneombod (LTV-møter).

Interkommunal samarbeid

Samarbeid med andre kommunar om fleire administrative oppgåver vil også bli ein viktig del av strategien til Etne kommune framover. Vi har allereie eit uformelt samarbeid med mange kommunar rundt oss innan lønn, personalpolitikk, økonomi, innkjøp, arkiv, og IKT. Utfordringane med å sikre rett kompetanse vil tvinge alle kommunar i regionen til å utforske nye former for samarbeid, både formelle og uformelle. Det kan fort dukke opp moglegheiter for å lyse ut stillingar på tvers av kommunegrensene, eller samlokalisering (og spesialisering) av tenester i enkelte kommunar.

Innkjøp

Administrasjonen har som mål å redusere utgiftene til innkjøp med 1% årleg ved å prioritere digitale løysingar.

Kva? Tiltak

Tiltak - Administrasjon	2025-2030	Beskrivelse
Reduksjon årsverk	-2 000 000	Naturlig avgang
Innkjøp	-200 000	1% innsparing årleg
TOT	-2 200 000	

Konsekvensutgreiing av tiltak

Tiltak1: Reduksjon i årsverk

Prissette konsekvensar

-2 000 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -12 000 000 tapt investeringskapital.

Ikkje-prissette konsekvensar

Reduksjon i årsverk vil skje ved naturleg avgang. Prioritering av arbeidsoppgåver og optimalisering av arbeidsprossar, digitalisering og interkommunalt samarbeid vil gi oss moglegheita til å finne alternative løysingar og med det redusere behovet for ressursar.

Tiltaket vil ha stor tyding på kvart fagområde, og påverknaden vert vurdert til å vere forbedra på grunn av digitalisering av tenester og utnytting av system.

Null-alternativet (dagens situasjon) har framleis stor verdi, og påverknaden av tiltaket er ubetydeleg (ingen endring).

Tiltak2: Reduksjon i 1% innkjøp årleg

Prissette konsekvensar

-200 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -1 200 000 tapt investeringskapital.

Ikkje-prissette konsekvensar

Vurdera reduksjon i blant anna kontingentar/medlemsskap, lisensar/programvare og kjøp av tenester. Påverknad av tiltaket med reduksjon i innkjøp er vurdert ubetydeleg.

I forhold til null-alternativet, kan tiltaket krevja omstilling i måten ein jobbar på, og nokre kontingentar/medlemsskap, lisensar/programvare vil kunne utgå.

Konsekvensen av tiltaket vert vurdert samla for eininga (likt for alle fagområda).

Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar på eininga

Vurdering av verdi og påverknad for ikkje-prissette konsekvensar				
Fagområde/avdeling: eining Utvikling	Null-alternativet		Etne 2030	
	Verdi	Påverknad	Verdi	Påverknad
Tiltak1: Reduksjon i årsverk	Stor	Ubetydeleg endring	Stor	Forbetra
Tiltak2: Reduksjon i 1% innkjøp årleg	Utan tyding	Ubetydeleg endring	Noko	Ubetydeleg endring

Vurdering av konsekvens av tiltak på eininga				
Fagområde/avdeling	Null-alternativet		Etne 2030	
	Prissett (investering)	Ikkje-prissett	Prissett	Ikkje prissett
Tiltak1: Reduksjon i årsverk				
Sum konsekvens tiltak1	12 000 000	0	-2 000 000	2+

Tiltak2: Reduksjon i 1% innkjøp årleg				
Sum konsekvens tiltak2	1 200 000	0	-200 000	0
Sum konsekvens på eininga	13 200 000	0	-2 200 000	2+

Sum konsekvens på eining utvikling av føreslåtte tiltak i Etne 2030 er vurdert til 2+, betydeleg positiv konsekvens.

Oppvekst og kultur

For at me som kommune skal kunne skapa oss eit handlingsrom har me arbeida fram ein strategi for korleis oppvekst og kultur skal levera ei berekraftig drift i tida som kjem. Målet er å optimalisera drifta og skapa eit handlingsrom slik at me kan vera med på å skapa ein kommune med tilvekst av barn og unge og ein kommune det er godt å bu i for framtida. I dette ligg det for oss å ta omsyn til dei demografiske endringane fram mot 2030, der me skal levera tenester også i tida som kjem.


Oppvekst og kultur omhandlar Skånevik barnehage, Skånevik skule, Enge barnehage, Enge skule, kultur, Etne og Vindafjord barnevern og PP-tenesta for Etne og Vindafjord. Skånevik barnehage, Skånevik skule, Enge barnehage, Enge skule og kultur har til saman om lag 120 årsverk.

Kvifor?

Demografi

Den demografiske framskrivinga viser at me i tida som kjem vil ha færre av dei yngste borna i Etne kommune. Det har vore ledig plassar i våre barnehagar ei tid, og det har vore anledning til å ta inn ungar kva tid som helst. Det har heile tida blitt gjort ei justering av talet tilsette mot talet born i barnehagane våre, og det er god kapasitet i alle barnehagane. Dei neste åra vil dei låge barnetala føra til lågare elevtal i skulane våre. Mange av ungane som skal gå i skulen før 2030 er fødde og det er berre talet fødde for 2024 som manglar for å sjå korleis det blir for 2030. Det blei fødd 28 born i 2023 som skal starta på skulen i 2029. SSB sine tal for framtida blir brukt som bakgrunn for våre tiltak fram mot 2030.

Tabellen under her viser fødde born frå 2017 og SSB si framskriving av tala fødde i Etne kommune for dei kommande åra. Det var ein nedgang i fødde born i 2018 til 2021, ein høg topp i 2022, men eit lågare tal i 2023. Etter informasjon frå helse, er det venta 34 born i 2024 som me kjenner til, men i framskrivinga her blir det vist at det skal koma 42 born i 2024. Faktiske tal veit me ikkje før året er omme.



Framskrivinga av tala frå SSB viser at me vil leggje oss på eit litt lågare gjennomsnitt enn tidlegare.

For våre barnehagar er det ikkje heilt lett å sjå fram i tida. Me har difor tatt i bruk SSB si framskriving og laga det til slik me trur det kan bli. Nå viser tala her at det skal bli fødd 42 born i 2024, og det er dette barnehagane har tatt utgangspunkt i. Slik me ser det nå, med det me veit nå, ser det ut til å bli 34 fødde dette året. Einingsleiarane er gode på dette å ta utgangspunkt i talet born når dei skal planleggja, men det ser ut til at det med tida vil bli færre born og færre tilsette. Me har dei siste åra

tatt litt ned, og det har jamna seg ut på eit lågare nivå enn før. I denne tabellen er det mange raude tal, og dei raude tala er laga med hjelp av SSB.

Enge barnehage dei neste åra:

Oversikt barn	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0-1 år									
1 år, startar i løpet av hausten	14	14	10	10	12	13	14	15	16
2 år	26	15	19	15	15	14	16	17	17
3 år	10	26	15	19	15	15	14	16	17
4 år	14	10	26	15	19	15	15	14	16
5 år	23	14	10	26	15	19	15	15	14
6 år									
Sum oversikt barn	87	79	80	85	76	76	74	77	80

Skånevik barnehage dei neste åra:

Oversikt barn	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0-1 år	1	0	0	0	0	0	0	0	0
1 år	5	4	4	4	4	4	4	5	5
2 år	4	5	4	4	4	4	4	4	5
3 år	7	4	5	5	4	4	4	4	4
4 år	4	7	4	5	6	4	4	4	4
5 år	6	4	7	4	5	8	4	4	4
6 år									
Sum oversikt barn	27	24	24	22	23	24	20	21	22

Mykje meir enn for barnehage veit me om elevar i skulane dei neste åra. Det blir endringar på begge skulane og me vil bli utfordra på korleis me med tida skal dela inn i grupper/klassar, og korleis me skal drifta ungdomsskule i Skånevik. Til dømes har me nå 21 klassar på Enge skule, men vil ha 17 klassar i 2030. I Skånevik er det ikkje klassesdeling slik som på Enge skule, og er fleire klassar som vil gå saman. Det vil vera ei lærarnorm for skulane som vil vera styrande for lærartettleiken.

Dei raude tala er tar basert på SSB. Me veit mykje fram mot 2030, og me veit at det er som er fødde 9 til nå, pr. 3. april, i 2024. Med det me veit nå, så er det venta å bli 34 nye born i kommunen i 2024. Desse skal starta på skulane våre i 2030.

Skånevik skule dei neste åra:

Oversikt elevar	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
1. trinn	9	6	4	7	4	5	8	5
2. trinn	7	9	6	4	8	4	5	8
3. trinn	4	7	9	6	4	8	4	5
4. trinn	7	4	7	9	6	4	8	4
5. trinn	16	7	4	7	9	6	4	8
6. trinn	10	16	7	4	7	9	6	4
7. trinn	16	10	16	7	4	7	9	6
Sum 1. - 7. trinn	69	59	53	44	42	43	44	40
8. trinn	13	16	10	16	7	4	7	9
9. trinn	10	13	16	10	16	7	4	7
10. trinn	14	10	13	16	10	16	7	4
Sum 8. - 10.trinn	37	39	39	42	33	27	18	20
Sum elevar	106	98	92	86	75	70	62	60


Enge skule dei neste åra:

Oversikt elevar	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
1. trinn	41	41	30	30	54	20	26	30
2. trinn	38	41	41	30	30	54	20	26
3. trinn	52	38	41	41	30	30	54	20
4. trinn	42	52	38	41	41	30	30	54
5. trinn	25	42	52	38	41	41	30	30
6. trinn	38	25	42	52	38	41	41	30
7. trinn	48	38	25	42	52	38	41	41
Sum 1. - 7. trinn	284	277	269	274	286	254	242	231
8. trinn	60	48	38	25	42	52	38	41
9. trinn	38	60	48	38	25	42	52	38
10. trinn	38	38	60	48	38	25	42	52
Sum 8.-10.trinn	136	146	146	111	105	119	132	131
Sum elevar	420	423	415	385	391	373	374	362


Me vil litt fram i tid ha ein merkbar endring i talet tilsette i våre barnehagar og skular. I dag har me 121 årsverk i våre barnehagar og skular, spesialpedagogisk team og administrasjon og planlegg å ta ned til 109 årsverk i 2030. Det vil tida som kjem altså vera behov for færre tilsette i våre barnehagar og skular. Samstundes med at me treng færre tilsette, så er det ein større konkurranse om tilsette i barnehagar og skular. Det har til nå ikkje vore store utfordringar med å få søkjarar til våre stillingar ved utlysing på våren, men me ser at det er utfordringar når det kjem midt i eit barnehage-/skuleår. Me har likevel ei forventning om at me kjem til å få utfordringar med å finna kvalifiserte til våre stillingar dei kommande åra, og ser at fleire av våre nabokommunar slit. Det er færre søkjarar til høgskulane og det vil bli meir konkurranse om dei som blir utdanna.

Fakta – kostra og nøkkeltal

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til barnehage vist i diagrammet under viser at Etne kommune i fleire av åra har brukt mest av dei kommunane me samanliknar oss med. Dette heng saman med at me har ei bemanning over norm, og at me har spesialpedagogisk team med ressurs til born med vedtak, men også friressurs til dei som strevar utan vedtak.




Netto driftsutgifter per innbyggjar for grunnskulen vist i diagrammet under viser at det har vore ei auke i driftsutgifter for fleire kommunar. Etne kommune ligg litt over gjennomsnittet.




Kostnad pr elev vist i tabellen under er laga med utgangspunkt i GSI-tal frå oktober 2023. Enge skule gir 50 timar pr elev som har ein kostnad på 65 138 kr pr elev. Skånevik skule gir 71 timar pr elev som har ein kostnad på 91 675 kroner pr elev. Det er ein høgare tettleik av lærarar ved Skånevik skule, då dei har færre elevar i klassane.

Kostnad elevtimar - 1-10			
Enge skule		Skånevik skule	
Timar pr elev	Kostnad pr elev	Timar pr elev	Kostnad pr elev
50	65 138	71	91 675

Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar viser at det har vore ei auke frå 2020 til 2022 og ein liten nedgang til 2023 i kroner pr innbyggjar i Etne kommune. Det har ikkje vore endringar i årsverk i kultur eller kulturskulen, men delen av netto driftsutgifter er mindre per innbyggjar i 2023.



Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til barnevern viser at Etne kommune ligg litt under fleire av samanlikningskommunane, og litt under gjennomsnittet.



Det har kome og kjem statlege føringar for barnehage og skule med ein lågare barnehagepris og gratis kjernetid også for 3. trinn på SFO. Det betyr at det er gratis kjernetid for 1. – 3. trinn i skulane. Det vil bli eit behov for fleire tilsette på SFO når det blir fleire born, og me ser at dei fleste borna vel å bruka gratis kjernetid. Gratis kjernetid er noko som er kome frå sentralt hald, men i tillegg har me moderasjonar på tvers av barnehage og skule, noko som gjer det lettare økonomisk for familiane. Det gir mindre inntekter til kommunen, men viser ei satsing på barn og unge.

Korleis?

Justering etter talet born

I tida som kjem vil det vera ei justering av tilsette som samsvarar med demografien. Det betyr at det i våre barnehagar vil vera justeringar for å gjera tilpassingar slik at me treff norma. Dette er noko som me har gjort ei tid, slik at me har tilsette i forhold til talet born.

Det kan også vera meir aktuelt at me samarbeider på tvers av einingar slik at me får nytta ledig kapasitet betre om det blir ressursar me ser me kan la flyta litt. I våre barnehagar og skular vil det vera eit behov for vikarar også i framtida. Det er ikkje lett å få tak i godt kvalifisert arbeidskraft midt i eit barnehage- og skuleår, og me ser me må planleggja betre, ta høgde for meir enn det me gjer nå.

Eininga kultur er i utgangspunktet liten, og det vil vera vanskeleg å driva denne på ein god måte om eininga blir mindre. Me ser at me må halda nivået som er i dag. Det vil likevel bli gjort grep som vil vera med på å gi betre tenester. Dette handlar om kven me jobbar tettast med, korleis me nyttar kompetansen til også andre i kommunen og sjølvstøtt korleis me kan få nytta ressursane me har på beste vis.

Born og unge

Etne kommune viser ved at det er moderasjonar på tvers av barnehage og skule, i tillegg til i både barnehage og skule at me legg forholde til rette for barnefamiliar. Det er ikkje alle kommunar som nå tar seg råd til å ha det slik, men me har valt å satsa på gode ordningar for dei med born, og dei med fleire born.

Me satsar på barn og unge i Etne kommune og ynskjer at alle skal veksa opp og bli den beste dei kan bli og bli gode samfunnsborgarar for framtida. Det me ynskjer mest av alt er at våre born og unge skal utdanna seg, kanskje reisa ut og sjå litt av verda, men så koma tilbake igjen og bidra i kommunen. For å få til dette må me sikra at me får til ei vekst i våre bygder, få til investeringar som til dømes basseng, gode opplevingar i kvardagen som uteområde for både barnehage og skule kan gi. Det skal vera godt å veksa opp i kommunen, og i dette ligg det å skapa gode opplevingar i heim og eining.

Gode naboskap og gode foreldregrupper er viktige for at våre born og unge skal få ei god oppleving der dei bur. Me har engasjerte foreldre og føresette og me har eit breitt utval av aktivitetar på fritida slik at våre born og unge kan vera aktive. Ein aktiv barndom gir ein sunnare livsstil og danner eit godt grunnlag for ei god helse gjennom livet. Me veit at det vil vera viktigare for tida som kjem at me leverer kvalitet i naboskapa slik at det kjennes som ein god stad å bu, at ein kjenner seg heime. Det vil vera viktig å vera ein god nabo slik at dei som bur rundt kjenner på godskapen. Dei unge som kjenner på eit godt naboskap vil også kanskje koma tilbake til kommunen for å etablere seg akkurat på grunn av dette – ein kjenner seg heime.

Me set grenser

Me vil for framtida ha eit positivt fokus på det å setja grenser. Det er positivt å setja grenser for oss sjølv, men også for andre. Det blir snakka mykje om omsorg, og å møta borna med tryggleik og kjærleik, sjølv når åtferda oppmuntrar til det motsette. I dette ligg også det å møta med grenser. Det å setja grenser handlar om det ansvaret og oppdraget ein har som vaksen, i møte med borna. Når me set grenser viser me også veg som leiarar, som trygge og gode vaksne. Me vil at alle skal kjenna til kva normer og reglar me har i samfunnet vårt. Me ynskjer at alle born og unge skal forstå og læra å leva livet. Våre tilsette, våre born, våre foreldre og føresette må vera med i dette samarbeidet. Det er foreldra som eig borna, som har ansvar for sine. Barnehage og skule har som mål å bidra til læring og lærelyst. For barnehage og skule handlar det ikkje om barnet, men om borna. Me er opptatt av gruppa, av alle borna. Det skal vera trygt og godt for alle born, det skal vera trygt og godt for alle.

Kvalitet og samarbeid

I Oppvekst og kultur samarbeider me på tvers av einingar i mykje av våre arbeid, og særskilt mellom barnehage og skule. Det er eit samarbeid i både fokus, planar og utviklingsarbeid. I tida som kjem vil me forsetja dette arbeidet og der det vil vera optimalt vil me også nytta kompetansen på tvers av einingar.

Me har ei satsing på born og unge der me i tillegg til bemanning etter norm i barnehagane har eit spesialpedagogisk team som har eit bidrag inn for dei som har strev av våre born, men også inn det ordinære for alle borna. Denne gruppa vil med tida også gi tenester til færre born og det vil vera naturleg å gjera ei justering etter talet born. Det kan også vera aktuelt å styrka det pedagogiske arbeidet ved å bruka teamet på ein annan måte, og kanskje også inn i skulen for dei yngste.

Me ser at våre utfordringar er mykje knytt til språk i barnehagane og strev med lesing og skriving i skulane, i tillegg til elevar med utfordrande åtferd. Me jobbar for å auka vår kompetanse på alle desse områda. Det vil i tida som kjem vera ei større satsing på språk, der Skånevik barnehage og spesialpedagogisk team saman skal startar dette arbeidet, for så å ta det vidare. Det er i tillegg også

fleire som sertifiserer seg i kartlegging av lesing i begge skulane våre. Kompetanseheving, tidleg innsats i språk i barnehagane og vidare arbeid i skulane knytt til den fyrste lese- og skriveopplæringa vil gi ei god utvikling. Alle einingane jobbar med handtering av utfordrande åtferd.

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring. PPT har oppgåver for born og unge med spesialpedagogiske behov, men skal også vera rådgjevande i kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for born og elevar med særlege behov. Det er eit vidare mål å redusera individuelle vedtak knytt til spesialpedagogisk opplæring, og å famna fleire born og unge i det ordinære. Dette i tillegg til ein nedgang i talet born og unge vil gi PP-tenesta rom for å vera meir med i det førebyggjande arbeidet og den pedagogiske utviklinga i einingane.

I barnevernet ser me at me har fleire meldingar enn tidlegare år, og det har blitt fleire av meldingar knytt vanskelege heimeforhold. Av meldingar som er melde er det saker som også ikkje gir grunnlag for tiltak frå barnevernet. Våre tilsette er opptatt av å gjera jobben sin, og vil i tida som kjem drøfta uroa dei kjenner på anonymt med barnevernet for å få tips og råd, men også for å unngå å melda saker, setja i gang eit heilt arbeid for barnevernet dersom det heller er andre ting som må gjerast. Målet vårt er å koma inn tidleg med foreldrestøttande tiltak. For å få til dette ynskjer barnevernet å arbeida meir førebyggjande med rettleiing av tilsette og heimar på eit tidlegare tidpunkt.

I Skånevik ser me at det har blitt naturleg å samarbeida meir mellom barnehage og skule. Dette handlar om fordelane ved å vera fleire saman, nytta kompetanse på tvers av einingar og få eit større fagleg og sosialt miljø.

For eininga kultur ser me at for å kunne nytta ressursane, folka våre betre, så treng me eit tettare samarbeid med Utvikling og drift. Det er fleire saker som ein må samarbeida om og der fagkunnskapane ligg hjå utvikling og drift.

I dette arbeidet, i denne saka, har det blitt sagt lite om kulturskulen og biblioteket. Me ser ikkje rom for endringar anna enn optimalisering og endring av tilbod der me vil fortsetja den positive trenden med å variera med å ha ulike prosjekt og faste tilbod. Me ynskjer aktive born og unge, og ser at me treff når me arrangerer ulike tilbod over kortare tid i vinterhalvåret.

Alle einingar har ei samarbeidsgruppe, LTV, som består av leiar, tillitsvalt og verneombod. Desse gruppene er med på å arbeida fram gode arbeidsvilkår og arbeidsmiljø, men er også delaktig i anna prosessarbeid i eininga.

Innkjøp

Alle einingsleiarar har tilgang til å gjera endringar innanfor ramma si. Det betyr at ein kan flytta pengar mellom ulike postar, men ein kan ikkje bruka meir pengar enn ein har. Alle einingane i oppvekst og kultur blir utfordra på å samarbeida om innkjøp der dette lar seg gjera, men også å henta inn 1% på innkjøp. For dei kommunale einingane barnehage, skule og kultur vil dette utgjera om lag 100 000 kroner i året. Me vågar ikkje tru heilt på 1%, og legg oss difor litt under.

Kva? Tiltak

Tiltak - Oppvekst og kultur	2025-2030	Beskrivelse
Justering av tal tilsette	-7 800 000	Barnehage, skule, støtteeininger
Innkjøp	-400 000	Liten reduksjon kvart år framover
Samarbeid mellom einingane	-100 000	Felles bruk av personale, vikarar
TOT	-8 300 000	

Vurdering av tiltak

Justering av tal tilsette i forhold til talet born

Skånevik barnehage og Enge barnehage har dei siste åra hatt fleire justeringar av talet tilsette mot talet born. Når me ei tid har måtte justera tilsette i forhold til talet born i våre barnehagar, vil det vera naturleg at det kjem ein periode me må gjera desse justeringane i skulane og andre støtteiningar. Tala flyttar seg vidare oppover, frå barnehage til skule. Det kjem ein periode der me må sjå på tilsette og gjera desse justeringane slik at det passar med eit lågare tal born. Det vil bli ein reduksjon i årsverka i skulane, etter talet elevar.

Enge skule har tal framover som gjer at det vil vera 2 parallellar. I 2029 startar ei lita gruppe på 20 elevar. Enge skule går frå 420 elevar i dag til 374 elevar i 2030. Tala ser ut til å gå fortare nedover for Skånevik skule enn for Enge skule. Skånevik har hatt nokre grupper på 13-16 elevar. Desse er nå på mellomsteget og vil i 2029 gå ut av 10.trinn. Det er små grupper som startar, og ein har fleire trinn samla i ei gruppe. Ein går i frå 106 til 60 elevar på desse åra.

Justeringa for talet born vil med tida også kunne gjelda for våre støtteiningar som då skal levera tenester for færre born. Vindafjord kommune er vertskap for PP-tenesta og me vil i tida som kjem sjå på korleis me nyttar ressursane, om det skal gjerast noko justering etter talet born eller om me skal nytta ressursane på noko anna måte. PP-tenesta skal vera meir med i det førebyggjande arbeidet, i tillegg til dette med utgreiing av saker ved oppmelding frå barnehage og skule.

Det er Vindafjord kommune som er vertskap for barnevernet for Etne kommune. Korleis skal barnevernet sjå ut når det med tida blir færre born i kommunen vår? Dette er noko me må ta ei vurdering på i samarbeid med vertskommunen.

Innkjøp

Einingane vil fram mot 2030 arbeida for å spara inn 400 000 kroner på innkjøp. Dette er under 1% av driftsbudsjettet for einingane. Eit samarbeid rundt innkjøp og eit bevisst forhold til innkjøp trur me kan vera med på å henta desse kronene.

Samarbeid mellom einingane

Ved at me samarbeider og brukar våre tilsette i eit større samarbeid, har me tru på at me kan henta inn litt på dette.

Konsekvensutgreiing av tiltak

Oppvekst vil møte utfordringar med tanke på demografi og ei framskriving med ein nedgang i fødde born. Tiltaka våre handlar om å gjera justeringar mot talet born og unge, vurderer korleis me brukar husa våre, korleis me kan nytta samarbeid til det beste og sjå korleis me kan gjera innkjøpa billigare.

Nedgangen i talet fødde born har starta i barnehagane der me har gjort justering av talet tilsette dei siste åra. Framskrivinga til SSB viser at det vil bli fødd færre born i tida som kjem enn gjennomsnittet låg på tidlegare år. Det er ikkje enkelt å treffa talet born i barnehagane i åra som kjem, og det vil vera justeringar når me jobbar med faktiske tal. Me har tatt utgangspunkt i SSB i framskriving i arbeidet med årsverk mot talet born i barnehagane.

Tiltak 1: Justering av talet tilsette i forhold til talet born

Prissette konsekvensar

-7 800 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -46 800 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar:

Det er laga ei sentral gitt norm slik at ein skal sikra ein standard i barnehage og skule. For at ein skal sjå justering av tilsette i forhold til talet born har me laga nokre tabellar som ligg vidare under her. Talet born, årsverk, grupper blir grunnlaget og det blir vist til forhold mellom born/elev og årsverk. Grupper blir tatt med for å visa ei inndeling av borna/elevar i ulike grupper/klassar. I tillegg blir det vist til pedagogtettleik og eit forhold born/elev mot pedagogtettleiken.

I Enge barnehage vil det i 2024 vera 3,4 born pr årsverk. I 2030 vil det vera 3,3 born pr årsverk. I barnehagane vil ein følgja norma for pedagogtettleiken. Norma i barnehagen seier at det skal vera minst ein tilsett pr 3 born når borna er under 3 år, og ein tilsett pr 6 born når borna er over 3 år. Styrarane i barnehagane veit kor mange born dei har over og under 3 år og lagar bemanninga etter norma basert på dei tala.

Norma for lærartettleiken i skulane seier at det skal vera maksimalt 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar per lærar på 5. – 10. trinn. Ser ein på forholdet mellom talet elevar og pedagogtettleiken vil ein til dømes sjå at det i 2024 er 9,9 born pr pedagog på Enge skule og 8,9 born pr pedagog på Skånevik skule. I 2030 vil det vera 9,3 born pr pedagog på Enge skule og 7,8 born pr pedagog på Skånevik skule. Ser ein på talet grupper i 2030, vil det på Enge skule vera 19 grupper og 4 grupper i Skånevik.

Enge barnehage	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Born	87	79	80	85	76	76	74
Årsverk	25,5	22,4	22,4	21,4	22,4	22,4	22,4
Grupper	6	6	6	6	6	6	6
Forhold born/årsverk	3,411765	3,526786	3,571429	3,971963	3,392857	3,392857	3,303571
Pedagogtettleik	9	8	8	8	8	8	8

Skånevik barnehage	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Born	27	24	24	22	22	22	20
Årsverk	7,35	7,35	7,35	6,35	6,35	6,35	6,35
Grupper	2	2	2	2	2	2	2
Forhold born/årsverk	3,673469	3,265306	3,265306	3,464567	3,464567	3,464567	3,149606
Pedagogtettleik	3	3	3	3	3	2	2

Enge skule	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Elevar	420	423	415	385	391	373	374
Årsverk	60,22	60,22	60,2	58,2	58,2	57,2	57,2
Grupper	21	21	21	20	20	19	19
Forhold elev/årsverk	6,974427	7,024244	6,893688	6,61512	6,718213	6,520979	6,538462
Pedagogtettleik	42,29	42,29	42,29	40,31	40,31	39,93	39,93
Forhold elev/pedagog	9,931426	10,00236	9,813195	9,55098	9,699826	9,341347	9,366391

Skånevik skule	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Elevlar	106	98	92	86	75	71	63
Årsverk	19,91	16,6	15,5	14,5	14,5	13,3	12,5
Grupper	7	6	6	6	6	5	4
Forhold elev/årsverk	5,323958	5,903614	5,935484	5,931034	5,172414	5,338346	5,04
Pedagogtettleik	11,8	11,8	10,8	9,8	9,8	8,8	8
Forhold elev/pedagog	8,983051	8,305085	8,518519	8,77551	7,653061	8,068182	7,875

Tiltak 2: Innkjøp

Prissette konsekvensar

-400 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -2 400 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar:

Oppvekst og kultur har som mål å redusere innkjøpa dei kommande åra. Det vil vera nøyare blick på innkjøpa, kontroll og samarbeid i sektoren rundt større innkjøp.

Tiltak 3: Samarbeid mellom einingane

Prissette konsekvensar

-100 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -600 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar:

Det har ikkje vore så stor grad av samarbeid mellom einingane som det kan bli om me jobbar hardt for dette. Me ynskjer sjølvsagt å få nytta ledig ressurs til det beste for sektoren, men ser også gevinsten med å få læra av og med kvarandre. Me har felles planar, felles satsingar og me jobbar for alle born og unge i kommunen, men likevel er me svært bundne til eininga me held oss i. Dette handlar om at me må leggja til rette for å bruka tilsette på tvers av einingar når det er behov for det.

Held fødselstala seg låge, vil det til dømes bli ledige ressursar i det spesialpedagogisk teamet som er i barnehagane våre. Me ser for oss at dei kan bidra inn i skulen for dei yngste, noko som vil gi ein betre overgang mellom barnehage og skule, men også ei god utnytting av den spesialpedagogisk kompetansen.

Det er ikkje lett å prissetja denne konsekvensen, men det er eit ynskje om å bryta ned skille mellom einingane og samarbeida betre.

Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar i sektoren

Vurdering av verdi og påverknad for ikkje-prissette konsekvensar				
Sektor oppvekst og kultur	Null-alternativet		Etne 2030	
	Verdi	Påverknad	Verdi	Påverknad
Tiltak1: Justering av talet tilsette etter talet born	Middels	Forbetra	Stor	Ubetydeleg endring
Tiltak 2: Innkjøp, reduksjon på rundt 1%	Middels	Ubetydeleg endring	Middels	Ubetydeleg endring
Tiltak 3: Samarbeid mellom einingane	Middels	Noko forringa	Stor	Forbetra

Vurdering av konsekvens av tiltak på eininga				
Sektor oppvekst og kultur	Null-alternativet		Etne 2030	
	Prissett (investering)	Ikkje- prissett	Prissett	Ikkje prissett
Tiltak1: Justering av talet tilsette etter talet born				
Sum konsekvens tiltak 1	46 800 000	1	-7 800 000	0
Tiltak2: Reduksjon på rundt 1% innkjøp årleg				
Sum konsekvens tiltak 2	2 400 000	0	-400 000	0
Tiltak 3: Samarbeid mellom einingane				
Sum konsekvens tiltak 4	600 000	-1	-100 000	+1
Sum konsekvens på eininga				
	49 800 000	-2	-8 300 000	-1

Sum konsekvens på sektor oppvekst og kultur sine tiltak i Etne 2030 er vurdert forbetre frå -2 til -1.

Helse og omsorg

Den framskrivne demografien fram mot år 2030 og år 2040 utfordrar sektoren. Me må skaffe oss handlingsrom til å møte utfordringsbilete på ein god måte, og vil det vera behov for å gjere endringar og justeringar knytt til mellom anna bemanning, oppgåver og tenestestandard.

Helse og omsorg skal vera ein god arbeidsplass der me leverer tenester til innbyggjarane etter gjeldande lovverk og tenestestandard. Det skal vera ei berekraftig økonomisk drift.

Helse og omsorg har i dag 132,55 årsverk fordelt på 213 tilsette. Sektoren er delt i :

- *overordna ansvar* med tenesteområda tenestekontor og interkommunale samarbeid,
- *eining helse* med tenesteområda legetenester, jordmor-, helsestasjon -, og skulehelseteneste, psykisk helse- og rusteneste, ergo-og fysioterapiteneste og miljøarbeidsteneste.
- *eining pleie og omsorg* med avdelingar for heimetenester, dag og aktivitetstilbod og institusjonstenester mm.

Kvifor?

Demografi

Demografien viser at det blir fleire eldre over 80 år, færre i yrkesaktiv alder og færre barn mellom 0 og 15 år fram mot år 2030.


Fagplanane *Bustadsosial plan 2024-2030* og *Plan for pleie og omsorg 2022-2030* peikar på tiltak knytt til mellom anna framskrive behov for tal private bustadar, omsorgsbustadar og heildøgns omsorg fram mot 2030. Gjennomføring av planlagde investeringar i planane vil vera heilt avgjerande for å få til ei berekraftig drift i tenestene dei neste åra.

Kapasitet, vikarbruk og rekruttering

KOSTRA-tala for 2023 viser at me har høgare netto driftskostnadar per innbyggjar for pleie- og omsorgstenester enn andre samanliknbare kommunar.


Helse og omsorg har dei siste åra auka total kapasiteten i drifta med fleire årsverk. Dette gjeld spesielt for eininga pleie og omsorg. Dette viser att i Kostra- tala og det er særleg innan heimetenester at kostnadsnivået er spesielt høgt. Det kan mellom anna forklarast med høge driftskostnadar knytt til vikarbruk, tenestestandard, høg grad av individuell oppfølging og buforma heildøgnsbemanna bustadar.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B)



	2020	2021	2022	2023
Etne	27 865	27 455	30 907	35 532
Vindafjord	23 187	24 273	27 094	28 621
Sauda	32 702	36 217	37 029	40 500
Sveio	17 630	20 632	23 606	25 456
Kvinnherad	27 391	25 360	33 711	37 624

Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse- og omsorgstj. til hjemmeboende (B)



	2020	2021	2022	2023
Etne	14 906	15 175	17 309	19 987
Vindafjord	10 212	11 269	12 915	13 738
Sauda	22 256	24 823	25 188	27 853
Sveio	9 730	11 821	13 308	14 280
Kvinnherad	13 277	11 913	17 924	19 921


Tabell under viser utvikling netto driftskostnad per innbygger for pleie- og omsorgstenester, utvikling av tal årsverk i helse og omsorg mot leverte timar til helsetenester og praktisk bistand inkl. praktisk hjelp, opplæring og daglege gjeremål.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	merknad
Utvikling netto driftskostnad per innbygger for pleie og omsorgstenester inkl miljøarbeidstenest a. (kjelde Framsikt, kostrafunksjon 02-pleie og omsorg, oppdatert 15.3.24)			27 865	27 455	30 907	35 532		
Utvikling årsverk tenestekontor						1,78	2,6	Oppgåver og ressursar til tenestekontor vart flytta frå einingane til eigen avdeling. Styrkinga frå 2023-24 gjeld tiltak for e-helse, digitalisering og velferdsteknologi.
Utvikling årsverk Pleie og omsorg	73,76	75,6	75,81	83,58	83,68	83,91	86,8	Utvikling gjeld m.a k-012/20. Styrka 400% sjukepl, 250% helsefag, 276% ass. Mm.
Utvikling årsverk helse	37,77	37,45	41,02	41,36	43,14	43,43	43,2	Utvikling gjeld m.a overgang til fastlønna fastlege 100%, hjelpepersonell legekontor 40%, fysioterapeut 20%,rest er knytt til miljøarbeidstenesta og omsorgsstønad

Utvikling tal brukarar av heimetenester inkl miljøarbeidstenesta (tal frå SSB tabell 12003)	148	212	197	177	173	178		Tal per 31.12 kvart år. Tal frå 2018 er usikre, då det kan sjå ut som at rapporteringa ikkje er fullstendig.
Utvikling timetal, helsestenester i heimen(private heimar, heildøgnsbemanna bustadar mm)(tal frå SSB tabell 11643)	19 062	26 959	32 088	30 839	30 292	28 272		tal per 31.12 kvart år. Tal frå 2018 er usikre, då det kan sjå ut som at rapporteringa ikkje er fullstendig.
Utvikling praktisk hjelp-opplæring-daglege gjeremål(Tal frå SSB 11643)	35 183	35 035	42 362	42 645	43 052	43 222		om lag 90% av timane er knytt til yngre tenestemottakarar der tenester blir levert av t.d miljøarbeidstenesta eller av eksterne tenesteleverandørar
Utvikling av tal institusjonsrom	30	30	30	33	33	33		

Demografien knytt til barn og unge viser at kommunen vil ha 140 færre barn i aldersgruppa 0-15 år frå 2027, men det vil vera nesten 50 fleire ungdommar mellom 16 og 19 år i 2030. Kostra tal for 2023 viser at me har noko mindre driftskostnad per innbyggjar enn andre kommunar, men ein del av forklaringa er at det har vore vakans i helsestasjon og kommunen har ikkje kome igong med det interkommunale familieteamet. Utifrå dette så kan det sjå ut som me ligg nokolunde på nivå med andre kommunar. Ved endring i demografi må me justere drift utifrå innbyggjarbehov.

Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. helsestasjons- og skolehelsetjeneste (B)




	2020	2021	2022	2023
Etne	948	1 195	1 386	1 009
Vindafjord	802	813	929	1 092
Sauda	709	813	1 000	1 068
Sveio	751	763	778	965
Kvinnherad	706	776	953	968

Sektoren har utfordringar knytt til sjukefråvær og ledige stillingar. Dette har ført til høge kostnader ved innleige av vikarbyrå. Bruk av vikarbyrå gjev ein redusert kvalitet og kontinuitet for brukarar av tenester over tid. Tilsette på arbeid kan oppleve auka arbeidsbelastning og nedgang i trivsel. Desse utfordringane kan òg påverke rekruttering og omdømmet til arbeidsplassen.

Me har allereie utfordringar med å rekruttere rett kompetanse til ledige stillingar som mellom anna sjukepleiar, vernepleiar, fagarbeidar, psykolog og lege. Samordna opptak viser at interessa for søknad til helseutdanningar innanfor sjukepleie, vernepleie og medisin samla sett er redusert med 7,5% frå 2022 til 2023.


Kommunen har høgare netto driftskostnader per innbyggjar til kvalifiseringsordninga og økonomisk sosialhjelp.

Netto driftsutgifter per innbygger (276) kvalifiseringsordningen (B)



	2020	2021	2022	2023
Etne	215	130	271	217
Vindafjord	91	132	142	145
Sauda	139	6	26	80
Sveio	99	29	9	59
Kvinnherad	181	190	172	185

Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp (B)



	2020	2021	2022	2023
Etne	983	1 161	1 395	1 491
Vindafjord	758	681	1 145	1 546
Sauda	477	358	424	464
Sveio	839	699	749	990
Kvinnherad	745	585	708	1 132

Korleis?

For å sikre ei berekraftig helse- og omsorgsteneste i framtida er me avhengig av at både innbyggjarar, næringsliv og kommune finn løysingar saman. Det må skapast eit aldersvenleg samfunn der me fremjar inkludering, deltaking og trivsel for alle aldersgrupper. Internt i organisasjonen må me ha eit godt samarbeid mellom leiarar, tillitsvalde og verneombod for å få til endringar som er nødvendige.

Bumiljø i nærleik av tenester

Det å bu slik at ein kan meistre kvardagslege oppgåver, ha møteplassar for fellesskap og aktivitet, og å ha tryggleik for at ein får tilbod om helse- og omsorgstenester når ein har behov for det. Dette vil kunne føre til betre helse og trivsel i alle livsfasar.

For å få dette til så vil kommunen ha dialog med innbyggjarane om korleis dei kan planlegge for eigen alderdom og korleis me saman kan skape eit aldersvenleg samfunn. Kommunen bør legge tilrette for areal til utbygging av tilrettelagde bustadar i sentrum av Etne og Skånevik slik at innbyggjarar kan klare seg så lenge som mogleg sjølv. Bustadsosial plan 2024-2030 og plan for pleie og omsorg 2022-2030 viser tiltak som er planlagt. Målet med strategiane er at det skal føre til mindre bruk av tid og ressursar knytt til køyring frå og til oppdrag for heimetenestene og redusere behovet for ekstra ressursar i framtida.

Tenestestandard og kvalitet

Ein god nok tenestestandard for helse- og omsorgstenester handlar om å sikra at alle innbyggjarar får tilgang til nødvendige helsetenester med kvalitet, uavhengig av bakgrunn eller situasjon. Dette inneber tilgjengelegheit, kvalitet, pasientsentrert omsorg, kontinuitet og samordning, samt fokus på førebygging og helsefremjing. Tenestestandard skal vera baserte på evidensbasert god praksis og skal bygge på lovverket, men med rom for individuelle vurderingar om kva som er fagleg gode nok tenester. Dei økonomisk rammevilkåra til kommunen er førande for standarden.

Utfordringar med å få rekruttert nok helsepersonell og økonomisk berekraft vil utfordre tenestestandarden, og kommunen må finne eit nivå der me leverer gode nok helsetenester med den kapasiteten me har tilgjengeleg. Tenestestandarden skal reviderast årleg.

Kapasitet, vikarbruk og rekruttering

Sektoren må ha fokus på å ha rett kompetanse til rett tid, slik at me skal kunne levere helse- og omsorgstenester etter lovverk og tenestestandard.

Me må derfor planleggje for å kunne levere fagleg *gode og nok* tenester med omtrent same totale kapasitet som sektoren har i dag fram mot 2030.

Kunnskapen som heildøgnsstenestene får gjennom Tørn-prosjektet skal vera med å oppretthalde og forbetre kvaliteten på tenestene i åra som kjem. Me skal sjå på korleis me utfører oppgåver, korleis me kan auka bruken av digitale verktøy og teknologi, og me skal identifisere den optimale arbeidstidsordninga som trengs for å sikre god tenesteleveranse til innbyggjarane i dag og i framtida.

Kompetanse og utvikling skapar motivasjon og tryggleik i jobben. Me har mål om å styrke kompetanse hos tilsette. Det skal utarbeidast ny rekruttering- og kompetanseplan for sektoren.

Ved å fokusere på helse og trivsel for dei tilsette kan arbeidsplassen skape ein meir balansert og trivselsorientert kultur. Dette kan styrkje lagarbeidet, fremje personleg og fagleg vekst, og bidra til ein inkluderande og omsorgsfull arbeidskultur. Det er viktig å vise forståing, støtte og legge til rette for dei tilsette sine helsebehov når det er mogleg.

Justering av driftsnivå med bakgrunn i demografi

Kostra-tal viser at me bruker meir ressursar til heimetenester enn samanliknbare kommunar. Som eit første steg er me i gong med prosess knytt til å slå saman dei to heimetenestene i kommunen til ei samla avdeling. Endringa har mål om å redusere mellom anna bruk av vikarbyrå og å ha ei berekraftig økonomisk drift slik at me kan levere rett kompetanse til rett tid for innbyggaren.

Det er viktig å satse på barn og unge, men det vil vera behov for å justere tenestenivå mot demografi innan år 2028 viss utviklinga blir som forventa. Dette vil gjelde tenester knytt til helsestasjon, skulehelseteneste og interkommunalt familieteam.

Justering av driftsnivå NAV

Det vil vera behov for å sjå korleis NAV Vindafjord-Etne kan redusere sine driftskostnader. Me har ein høgare driftskostnad per innbyggjar på t.d kvalifiseringsordninga og sosial stønad enn samanliknbare kommunar.

Velferdsteknologi og digitalisering

Digitale verktøy og velferdsteknologi kan effektivisere administrative oppgåver og førebygge behov for omfattande tenester. Planane våre inkluderer tiltak for å redusere administrasjon mellom anna ved hjelp av teknologi.

Kva? Tiltak

Tiltak - Helse og omsorg	2025-2030	Beskrivelse
Justering av tal tilsette	-3 500 000	Pleie og omsorgstenester inkl miljøarbeidstenesta
Justering av tal tilsette	-1 000 000	Helsestasjon/familieteam
Innkjøp	-700 000	Vikarbyrå, generell reduksjon
Reduksjon kostnader døgnmulkt	-100 000	Ha tilgjengeleg 1 dobbeltrom, institusjonsopphald
Justering driftskostnad	-300 000	NAV
TOT	-5 600 000	

Vurdering av tiltak

Justering av tenester til barn og unge grunna demografi

Det vil vera naturleg å justere driftsnivået i helsestasjon, skulehelsetenesta og interkommunalt familieteam når demografien endrar seg. Me forventar ein reduksjon i oppgåver når det blir færre barn og barnefamiliar i kommunen. I dag har me eit budsjett på kr 1,2 millionar til interkommunalt familieteam og omlag 3 årsverk (2,5 mill kr) tilknytt Helsestasjon, jordmor og- og skulehelsetenesta. Det vil bli vurdert korleis ein skal justere driftskostnad med 1 mill fram mot år 2027. For å lukkast med endringa skal det setjast i gong eit arbeid der me skal planlegge for korleis me skal levere tenester når det blir behov for å gjere justeringa. Det skal peikast på reduksjon i driftsnivå i tenestene helsestasjon, skulehelseteneste og interkommunalt familieteam. LTV-gruppa vil jobbe saman for få til den beste løysingane innanfor den ramma me har.

Reduksjon av driftskostnader i pleie og omsorgstenester

Kostra-tal viser at me har høgare driftskostnader per innbyggjar i pleie og omsorgstenester enn samanliknbare kommunar. Eining pleie og omsorg planlegg for å redusere lønnskostnad med om lag 3 årsverk. Det er spesielt heimetenester som har ein høgare driftskostnad per innbyggjar samanlikna med andre kommunar. Ved å slå saman heimetenestene har me mål å redusere minimum 2 årsverk iht stillingsbudsjett for 2023. I institusjonstenester vil me justere omlag 0,3-0,5 årsverk. Om lag 0,5 årsverk

skal reduserast ved justering av administrative funksjonar grunna betre oppgåveflyt og digitalisering. I miljøarbeidstenesta er det lagt inn ei justering av tenester til yngre ressurskrevjande brukarar grunna endra brukarbehov der det er forventa reduksjon på om lag 1,4 årsverk. Totalt ein reduksjon på 4,4 årsverk.

Tørn-prosjektet skal gje einingane verktøy og kunnskap til å finne gode løysingar for ei berekraftig drift framover. Det er mange administrative oppgåver i drifta, og det skal vera mål om redusere kapasiteten dei neste åra ved å nytte digitale verktøy og å betre «oppgåveflyten». Reduksjon av tal tilsette skal gjennomførast ved naturleg avgang eller omdisponering mellom avdelingar.

Reduksjon av kostnadar til døgnmulk frå helse Fonna for utskrivingsklare pasientar skal reduserast ved at me gjer førebyggjande tiltak i drifta. Når det er nok kapasitet i drifta så vil det bli nytta dobbeltrom for å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar når det ikkje er mogleg å tilby enkeltrom.

Demografiendringa må følgast tett og det må gjerast vurderingar årleg om totalt kapasitet i drift av tenester for eldre. Risiko i endringsprosessane er mellom anna at tilsette ikkje kjenner seg att i beskrivingane og kunnskapsgrunnlaget, og at det vil vera motstand mot endring. Dette kan utfordre effekt av strategi. Det skal vera god involvering mellom anna i LTV-samarbeid på alle nivå.

Reduksjon av kostnad brukt på innkjøp

Reduksjon av bruk av vikarbyrå skal vera mogleg å gjennomføre, og det vil gje både dei tilsette og innbyggjarar betre kvalitet. Det er satt ned ei gruppe i eining pleie og omsorg som jobbar for å finne ei løysing for ferieavviklinga i 2024 med redusert bruk av vikarbyrå.

Elles så vil det vera generelt fokus på innkjøp i einingane for å finne ut kva me må ha og korleis me kan redusere kostnad.

Justering av driftskostnad interkommunalt samarbeid

Kostra-tal viser at me har høgare driftskostnadar per innbyggjar både ift sosial stønad og kvalifiseringsordninga enn samanliknbare kommunar. Nav skal arbeide for å finne tiltak for å redusere driftskostnad.

Konsekvensutgreiing av tiltak

I dag har helse og omsorg ein høgare driftskostnad per innbyggjar for pleie og omsorgstenester enn samanliknbare kommunar. For å kunne investere i tiltak dei neste åra og å kunne ha ei berekraftig drift dei neste åra så vil det vera viktig å løyse oppgåver smartare slik at me kan gjere oss klar for korleis me må jobbe når det blir fleire eldre som har behov for helse- og omsorgstenester i kommunen.

I tillegg til fleire eldre så framskriv SSB og lokale tal at det skal bli færre yngre. Det vil då vera naturleg å gjere ei justering mot tal årsverk/kostnad og tal barn dei neste åra.

Konsekvensar av dette vil me prøve å synleggjere i teksten under.

Tiltak1: Justering av talet tilsette i miljøarbeidstenesta og pleie og omsorg

Prissette konsekvensar

-3 500 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -21 000 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar:

Miljøarbeidstenesta: reduksjon av omlag 1,4 årsverk:

Reduksjon 1,4 årsverk i miljøarbeidstenesta er knytt reduksjon av vedtakstimar til brukar som har vore særleg ressurskrevjande. Konsekvens for brukar ved reduksjon er utan betydning og påverknad er ubetydeleg endring då vedkommande ikkje treng tenester meir.

Pleie og omsorg: reduksjon av omlag 3 årsverk:

Pleie og omsorg har ein høgare driftskostnad per innbyggjar enn samanliknbare kommunar (spesielt i heimetenester). Tenestene har hatt innbyggjarar med vedtak som har krevd mange timar. Ved endring er ikkje bemanningsplan redusert slik den skal utifrå brukarbehov. Justeringa skal vera i tråd med dei timar som skal leverast til innbyggjarane jamfør enkeltvedtak.

Ved å gjere tiltak i døgnrytmeplan og få til ein jamnare oppgåvedeling ift kompetanse, så skal endring jamfør tiltaket vera av ubetydeleg endring for innbyggjar. Ved å ikkje gjere endring så vil det vera fleire årsverk per innbyggjar og det vil auke tenestestandarden utover vedtak.

Tiltak 2: Justering/reduksjon helsestasjon/familieteam mot reduksjon av barnetal

Prissette konsekvensar

-1 000 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -6 000 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar:

Ved å ikkje gjere tiltak så vil innbyggjarar få ein forbetring av tilbod til barn og unge ved at det blir fleire årsverk per barn/barnefamilie.

Ved å justere kostnad/tal årsverk mot talet barn så vil det ikkje bli ei endring av kvalitet/tenestestandard. Det vil vera om lag like mange årsverk per barn som i dag. Det må i tillegg jobbast med optimalisering av oppgåveflyt, digitalisering mm. Sårbarheita i endringa er knytt til storleiken av tenesta. Det er i dag 3 årsverk i helsestasjon/skulehelsetenesta/jordmor og 1,5 årsverk i det interkommunale familieteamet. Det vil derfor vera viktig å ha gode analysar knytt til kor ein skal redusere, og det bør vurderast samarbeid med andre kommunar for å redusere sårbarheita.

Tiltak 3: Innkjøp (reduksjon av bruk av vikarbyrå)

Prissette konsekvensar

-700 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -4 200 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar:

Bruk av vikarbyrå fører til dårlegare kvalitet då dei ikkje har kontinuitet og god kjennskap til pasientar og kommunen. Ved å finne løysingar med bruk av eigne tilsette til planlagt fråver gjennom året, så vil både pasientar og tilsette få betre kvalitet. Årsturnus er eit verkemiddel til å få dette til. Risikoen er at me ikkje klarar å rekruttere fagkompetanse sjølv og må bruke vikarbyrå for uforutsett fråver.

Tiltak 4: Reduksjon av døgnmulkt

Prissette konsekvensar

-100 000 reduksjon i driftskostnad. Konsekvens av ingen reduksjon: -600 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar:

Kvalitet for innbyggjar vil bli betre ved at vedkommande får tilbod om korttidsopphald/rehabilitering i kommunen. Reduksjon av liggedøgn i sjukehus vil opplevast som ei forbetring for innbyggjar. For å oppnå dette kan ein i periodar ha behov for å nytte dobbeltrom. Innbyggjar kan oppleve at dette er ei forbetring mot fleirmannsrom i sjukehus, men tilsette kan oppleve det som ei auka arbeidsbyrde om det ikkje er nok bemanning.

Om ein vel å ikkje gjere tiltak så vil innbyggjarar få dårlegare tilbod, og kommunen vil få driftskostnadar for døgnmulkt utan at pasient får ein betre helsetilstand. Større andel av budsjett vil bli brukt utanfor Etne kommune.

Tiltak 5: Justering av driftskostnad NAV

Prissette konsekvensar

-300 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -1 800 000 tapt investeringskapital.

Ikkje prissette konsekvensar

For å redusere utbetaling av nivå for mellom anna sosial stønad har kommunen gjennom mellom anna bustadsosial plan strategiar for å sikre at innbyggjarar har eigna bustad. Dette kan føre til noko reduserte utbetalingar av for sosial stønad. Det må jobbast vidare med detaljar om korleis ein skal få til reduksjon av kostnad. Det vil for nokre innbyggjarar bli ein forbetring ved at dei har betre levekår med t.d eigna bustad. Detaljar knytt til reduksjon av driftsnivå skal jobbast fram i eininga og det skal gjerast

Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar i sektoren

Vurdering av verdi og påverknad for ikkje-prissette konsekvensar				
Sektor Helse og omsorg	Null-alternativet		Etne 2030	
	Verdi	Påverknad	Verdi	Påverknad
Tiltak1: Justering av tal tilsette	Svært stor	Forbetra	Stor	Ubetydeleg endring
Tiltak 2: Justering av tal tilsette/kostnad helsestasjon/familieteam etter reduksjon av barnetal/barnefamiliar	Svært stor	Forbetra	Middels	Ubetydeleg endring
Tiltak 3: Redusere kostnad innkjøp som bruk av vikarbyrå	Svært stor	Forringa	Svært stor	Forbetra
Tiltak 4: Reduksjon av kostnadar til døgnmulkt frå helse føretak for utskrivingsklare pasientar	Stor	Forringa	Stor	Forbedra
Tiltak 5: Reduksjon driftskostnad NAV	Utan betydning	Ubetydeleg endring	Middels	Forbetra

Vurdering av konsekvens av tiltak på eininga				
Sektor Helse og omsorg	Null-alternativet		Etne 2030	
	Prissett (investering)	Ikkje-prissett	Prissett	Ikkje prissett
Tiltak1: Justering tal tilsette				
Sum konsekvens tiltak 1	21 000 000	+2	-3 500 000	0
Tiltak2:justering tal tilsette/kostnad(helsestasjon/familieteam)				
Sum konsekvens tiltak 2	6 000 000	2-	-1 000 000	0
Tiltak 3: Innkjøp (vikarbyrå)				
Sum konsekvens tiltak 3	4 200 000	3-	-700 000	2+
Tiltak 4: Reduksjon av døgnmulkt				
Sum konsekvens tiltak 4	600 000	3-	-100 000	2+
Tiltak 5: NAV				
Sum konsekvens tiltak 5	1 800 000	0	-300 000	1+
Sum konsekvens for eininga	33 600 000	2-	5 600 000	5+

Sum konsekvens på sektor helse og omsorg sine tiltak i Etne 2030 er vurdert til 5+.

Utvikling og drift

Demografien har vist oss at også sektor for Utvikling og Drift står framfor fleire utfordringar i åra framover. Det er derfor viktig at ein har ein strategisk gjennomgang av tenestene me skal levere. Det store målet er å levere ei berekraftig drift som står seg. Vidare må me arbeide for å levere den kvaliteten som skal til og er forventa av oss. Målet er å optimalisere drifta, skape økonomisk handlingsrom der ein tar omsyn til demografiske endringar fram mot 2030. Sentrale område for tiltak inkluderer energieffektivisering, personalforvaltning og økonomisk styring.

I Sektor for Samfunn og Utvikling er det i dag 3 einingar. Einingane er Utvikling, Drift og Vedlikehald og Etne Brann og Redning.

Kvifor?

Bakgrunn

Dei siste åra har demonstrert at energikostnadane kan variere meir enn historia har vist. Dette har medført utfordringar grunna mangel på både handlingsrom og tidlegare fokus på slik variabilitet. I 2022 måtte kommunen implementere strakstiltak, som å setje ei øvre grense for temperatur i offentlege bygningar, for å redusere dei økonomiske konsekvensane av dei uventa høge straumprisane. Denne variabiliteten i energikostnadene har gjort det utfordrande å oppretthalde adekvat kontroll på driftskostnadane. Klima- og energiplanen avslører at kommunen generelt har hatt høge utgifter i dette området på grunn av stort forbruk kombinert med lite energieffektive løysingar. Planen understrekar òg behovet for tiltak og påpeikar at dei utvalde tiltaka bør vurderast nøye for å sikre at dei med kortast tilbakebetalingstid blir prioriterte.

I ei æra prega av digitalisering er det naturleg at arbeidsoppgåvene endrar karakter. Dei tekniske tenestene har i stor grad vorte digitaliserte. Likevel finst det rom for forbetringar og ein meir omfattande bruk av digitale løysingar enn det Etne kommune i dag oppnår. Til dømes benyttar berre 1/5 av byggesøkarane dei digitale løysingane som er tilgjengelege. Dette kan òg bidra til auka standardisering og redusert behov for etterarbeid.

Effektivisering av tenester er eit nøkkelområde. Dei tekniske tenestene må i større grad bli sjølvfinansierande. For å oppnå dette, må ein redusere tida brukt på ikkje-inntektsgenererande arbeid. Dette vil påverke brukarane og innbyggjarane ved at tilgjengelegheita til gratistenester og servise frå kommunen vert redusert. Eit døme på dette er at i framtida kan det bli nødvendig å betale for konsultasjon med ein sakshandsamar utover dagens ordning med førehandskonferanse.

Til tross for ein positiv trend i utviklinga av dyrka mark, viser observasjonar at talet på aktive landbrukseiningar er stabilt eller svakt nedgåande. Dette kan forklarast med færre, men større landbrukseiningar i kommunen, der talet på landbruksareal i drift er noko stigande.

Framskrivingar syner ein reduksjon i folketalet i Etne kommune fram mot 2030. Dette betyr kort at det er færre som skal ha tenester frå Utvikling og Drift i åra som kjem enn kva det er i dag. Sektoren har i dag 35 årsverk, fordelt på 68 stillingar. Ei presisering i dette biletet er at det er mange små deltidsstillingar i Etne brann og redning i dette talet.

Ein anna utfordring som er i ferd med å treffe oss er utfordringa med rekruttering. Det vert i takt med den demografiske utviklinga færre som bur og arbeider i kommunen, som vil påverke tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

Korleis?

Energikostnader

For å møte dei høge energikostnadane i Etne kommune, er det avgjerande at me lykkast i å redusere straumutgiftene. Dette er ikkje berre ein strategi for kostnadsreduksjon, men òg ein metode for å redusere risikoen for økonomiske tap som følgje av høge energiprisar. På administrativt nivå har det allereie vorte sett i gang fleire prosjekt for å auke energieffektiviteten, som inkluderer bytte til LED-belysning i fleire kommunale bygningar og utandørs gatelys. Vidare er det òg implementert tiltak for oppgradering til vassbårne varmepumper i utvalde fasilitetar.

Desse tiltaka inkluderer installasjon av LED-belysning i Skånevik omsorgssenter, Skånevik skule, og barnehagane, der det er estimert ein betydeleg reduksjon i straumkostnader. Vassbårne varmepumper er mellom anna installerte i Enge barnehage og bufellesskapet, som forventast å redusere straumkostnadene ytterlegare. Kvart tiltak er vurdert med tanke på nedbetalingstid, og prioritering er gitt til dei som viser raskast økonomisk avkastning. I tillegg er dette eit viktig moment når Tinghuset skal oppgraderast då dette er eit bygg som i dag har høge driftsutgifter til straum.

Denne strategien legg grunnlaget for at kommunen på kort sikt kan prioritere midlane der dei gir størst mogleg effekt. Eit slikt fokus på energieffektivisering bidreg ikkje berre til økonomisk sparing, men òg til kommunens overordna mål for berekraft. Det er viktig at me held fram med å søke etter og implementere tiltak som kan optimalisere bruken av ressursar, redusere driftskostnader og samstundes bidra positivt til miljøet. Skal me fortsatt klare og redusere utgifter i tida framover er me avhengige av at det vert sett av midlar til investering med dette føremålet.

Større fokus på sjølvkost

Etne kommune siktar mot å utnytte det digitale handlingsrommet i større grad. Ein tydeleg utfordring i denne samanhengen er at innbyggjarane kan oppleve at kommunen har færre ressursar tilgjengeleg for hjelp og aktiv rettleiing. Framover vil innbyggjarane i større grad måtte ta ansvar for eigne oppgåver, som til dømes ved innsending av søknadar. Kommunen si rolle vil dermed flytte seg meir mot tilsynsfunksjonar. Dette inneber ei overgang til ein meir digitalisert og sjølvbetent modell, der innbyggjarane nyttar digitale løysingar for å fullføre nødvendige prosessar sjølvstendig. Av dette følgjer fokus på brukargrensesnitt og rettleiing på digitale plattformer.

Organisering

Med utgangspunkt i demografiske endringar, er det både naturleg og nødvendig å justere organisasjonen i Etne kommune i takt med desse endringane. Det er tidlegare vist til samanheng mellom talet innbyggjarar og talet på personar som arbeider i kommunen. Innan 2030 vil sektor for Utvikling og Drift ha omlag 3,5 færre årsverk enn i dag, noko som representerer ein reduksjon i bemanninga på om lag 10 prosent på sektornivå. Det vil òg være nødvendig og ha eit blikk på einingsnivå for å sjå på den samla strukturen med omsyn på kva som er optimal størrelse på einingar. Dette spesielt med omsyn på leiaren sitt ansvar for oppfølging av tilsette. Denne tilpassinga er i samsvar med forventningar om ei berekraftig drift, i henhold til den demografiske utviklinga.

Bakgrunnen for denne nye organiseringa vil bli kunnskapsgrunnlag og tett samarbeid med tillitsvalde og leiarar i sektoren. Det har blitt identifisert høge kostnader i nokre administrative områder, som underbygger behovet for justeringar. Me veit at digitalisering er godt i gang, og spesielt kunstig intelligens (KI) vil ha ein rolle i framtida. Dette må me jobba for å utnytte for å redusere mengda med manuelt arbeid.

Med omsyn til klimaendringane, slik FN har skildra, vil drift- og vedlikehaldseininga i ein kommune sannsynlegvis stå overfor auka arbeidsmengde i åra som kjem. Klimaendringane vil føre til meir ekstremvær og naturskadar, noko som krev meir omfattande og hyppigare vedlikehald og reparasjonar av infrastruktur. I tillegg vil tilpassing til nye miljøforhold og auka krav til helse- og sikkerheitstiltak også auke arbeidsbelastninga. Dette gjer det vanskeleg å sjå for seg ein reduksjon i arbeidsoppgåvene for drift- og vedlikehaldseininga, men snarare eit behov for å styrke og utvide kapasiteten for å handtere desse utfordringane.

Kommunal bygningsmasse og eigedom

I dag driftar Etne kommune eit bygningsareal på 24 432m².

I kommunen er det i dag ein moderat bygningsmasse samanlikna med andre kommunar. Me har i dag mange bygg i eige, der nokon av bygga ikkje har aktivitet. Me har og ein aldrande bygningsmasse som har behov for vedlikehald. Det vil vera viktig at ein aktivt tar stilling til framtida til desse bygga, der ein optimaliserer bruken gjennom effektive areal. Det er viktig at me klarar å utnytte dei sentrale bygga effektivt slik at me held driftskostnadane på eit akseptabelt nivå. Kommunale bygg der ein ikkje har konkrete planar eller der tomte ikkje har ein strategisk verdi må vurderast for sal. Det er alt oppretta ein portal på heimesida til Etne kommune der desse eigedommane vert publisert for sal. Det vert og viktig at me klarar å skape oss handlingsrom i budsjett for å kunne starte og vedlikehalde bygga våre slik at dei framstår meir attraktive og innbydande.

I dag driftar Etne kommune eit bygningsareal på 24 432m². Som utgjer om lag 2065m² per årsverk. Til samanlikning har andre kommunar på Haugalandet som Haugesund (1919m² per årsverk), Vindafjord (1776 m² per årsverk), Karmøy (1794 m² per årsverk). På bakgrunn av det relativt høge antallet kvadratmeter per tilsett har ein vurdert det som uhensiktsmessig å føreslå konkrete tiltak innanfor reinhald. Det naturleg å vurdere optimalisering av intervall dersom ein ser moglegheit for det. Det har våre gjort vurderingar kring privatisering, utan at ein har gått vidare med dette som eit alternativt.

Med eit stor investeringsbudsjett der kommunen skal investere i bygg, er det naturleg at det vil kome nye løysingar som også har ein kostnad å drifte. Eksempel på dette er meir areal, teknisk utstyr, serviceavtalar og kontroll av utstyr. Sjølv om fokuset vil være på å lage løysingar som har ei så låg grad av driftskostnadar som mogleg er nye tekniske krav noko ein må ta hensyn til. Samanlinka med sammanlikningskommunane har me lågast utgifter som går til vedlikehald av kommunal bygningsmasse. I framtidige investeringar skal det takast høgde for drift og vedlikehaldsutgifter til tiltaket før ein investeringsbeslutning tas. Det betyr at desse kostnadane skal synleggjerast slik at dei veit kva konsekvensar ein slik investering får for driftsbudsjettet til kommunen.

Samfunnsutviklingar og næring

Kommunen må ta rolla si som tilretteleggjar for næringsutvikling på alvor. Skal me klare og skape samfunnsutvikling er ein avhengig av private initiativ som kommunen støttar fram. Administrasjonen ser difor ein verdi av at me klarar og etablere ei ordning for næringsfond der nye og eksisterande initiativ kan søke støtte for sine idear og tiltak. Det er difor viktig at me klarar og skape oss handlingsrom på driftsbudsjettet slik at me kan avsette midlar til dette føremålet.

Kva? Tiltak

Der det er føreslått reduksjon i årsverka vil dette løysast gjennom naturlege avgangar eller omorganisering. Det vil være viktig og optimalisere drifta i denne prosessen, når me på sikt skal bli færre på sektoren. I dette arbeidet er det viktig at me går gjennom alle oppgåvene og arbeider saman

for å finne den mest optimale måten og arbeide på og løysa dette framover. Spesielt på sjølvkost er det rom for omorganisering og optimalisering som vil bli i iverksett.


I tal for energieffektivisering er det ikkje lagt til effektiviseringseffekten i drift, og reduksjon i innkjøp av materiell. Dette kjem difor som ein positiv effekt i tillegg. Legg ein reduksjon i straumkostnad til grunn får ein ei nedbetalingstid på 7 år. Legg ein til usynlege kostnader som nemnd over reduserer det nedbetalingstida til 4,2 år på alle prosjekt som er iverksett om ein legg til grunn ei straumpris på 1,5kr/kwh.

Tiltak - Utvikling og drift	2025-2030	Beskrivelse
Reduksjon årsverk	-800 000	Drift og Vedlikehald
Reduksjon årsverk	-2 000 000	Utvikling
Innkjøp	-100 000	Alle einingar reduserer 1% årleg
Energieffektivisering	-900 000	Ledlys, energikjelder, enøk
TOT	-3 800 000	

Vurdering av tiltak

I denne prosessen har det våre naturleg og vurdert ei lang rekke tiltak. I denne vurderinga må ein sjå eventuelle tiltak opp mot forventa effekt. Det har og våre viktig og identifisere dei områda ein har mest effekt av tiltaka gjennom reduksjon av kostnader. Ein openlys moglegheit er å redusere driftsbudsjettet, og gjerne konkrete postar som reduksjon i kurs, vedlikehald eller andre tenester. Ein har aktivt forsøkt å unngå ei slik løysing, og ein har i stor grad forsøkt å identifisere årsverk som kan reduserast gjennom å optimalisere ytterlegare bruken av tilsette med omsyn på den demografiske utviklinga i kommunen. Erfarings messig vil ein kunne få betre og varige resultat når ein reduserer årsverk med omsyn på økonomi. Utfordringa på den andre sida vil bli å levere god nok kvalitet på dei kommunale tenestene.

I tabellen vil dette ikkje vera det heile bildet. Det er viktig å påpeike at dette vil påverke inntektssida i stor grad då fleire av årsverka arbeider på sjølvkostområde. Det betyr og at ein må forvente ein nedgang på inntektssida. Det er likevel vurdert at dei reduksjonane som er føreslått vil balansera dette så godt som mogleg.



Konsekvensutgreiing av tiltak

Tiltak 1: Reduksjon i årsverk på drift og vedlikehald

Prissette konsekvensar

-800 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -4 800 000kr i tapt investeringskapital.

Ikkje-prissette konsekvensar

Konsekvensen av tiltaket vil vera mindre reinhald på dei offentlege bygga som kommunen forvaltar. Kommunen får i dag positive tilbakemeldingar på reinhaldsgraden i dei ulike bygga. Ein reduksjon i tal tilsette kan gjere at dette endrar seg då det vert mindre resursar til reinhald. Det er i denne forbindelse at ein må gjere nye vurderingar kring standard som eit eksempel, og justerer denne ned i tråd med redusert tall årsverk. Tiltaket har stor tyding for gjennomføring av reinhald på kommunale bygg, samstundes som at forarbeidet syner til reinhaldet i dag er på eit godt nivå, der rutiner kan justerast for å oppnå reinhald av auka mengd m2 pr årsverk. Samanlikna med dagens, vert påverknaden noko forringa.

Null-alternativet (dagens situasjon) har tilsvarande middels verdi, og påverknaden av tiltaket er ubetydeleg (ingen endring).

Tiltak 2: Reduksjon i årsverk på Utvikling

Prissette konsekvensar

-2 000 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -12 000 000kr i tapt investeringskapital.

Ikkje-prissette konsekvensar

Ei evaluering av alle saker på eininga gjennom året 2023 ligg til grunn for reduksjon i årsverk, og til dels samanslåing av fagområde. Det er estimert eit tal timebruk for kvar type sak.

Gjennomgang av sakene syner at det vert nytta ein del tid på saker som ikkje vert fanga opp av arkivsystemet Websak, og dermed heller ikkje er eit svar på ein innkommande post som gir gebyrinntekter. Som resultat har eininga fyrste tertial eit underskot på over 200 000 i tapte gebyrinntekter. I fyrste tertial ser ein likevel at gebyrinntektene er større enn førre rekneskapsår. Dette gir grunn til å tru at grepa som er teke på auka bruk av faste rutiner og utnytting av potensiale i digitale system (Websak eigedomsflyt primært) har hatt ein positiv effekt. Det vil likevel vere trong for ei meir fornuftig arbeidsfordeling slik at arbeidsmengda vert meir jamt fordelt. Det vil også vere viktig at det i større grad er gebyrbelagte saker ein arbeidar med, der fastlagte rutiner og arbeid etter prioriteringslister vert desto viktigare.

Endringane vil føre til ei omstilling på eininga, med trong for fleksibilitet og samarbeidsvilje frå dei tilsette. Tiltaket vil ha stor tyding for alle fagområda på avdelinga, samstundes som at analysa frå året 2023 viser til at det er lediggang på eininga. Reduksjon i årsverk vil skje ved naturleg avgang og/eller samanslåing av fleire arbeidsoppgåver.

Påverknaden av tiltaket er vurdert til å vere forbetra, og verdien stor.

Null-alternativet (dagens situasjon) har tilsvarande stor verdi, og påverknaden av tiltaket er ubetydeleg (ingen endring).

Tiltak 3: Reduksjon i 1% innkjøp årleg

Prissette konsekvensar

-122 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon: -735 000kr i tapt investeringskapital.

Ikkje-prissette konsekvensar

Verdi: Reduksjon i kontingentar/medlemsskap, magasiner, leige av eksterne lokale til møteverksemd, reduksjon i kurs- og fagsamlingar inkl. hotellopphald. Verdien av kurs og deltaking i nettverk er svært stor, men einingane sit i ein særstilling med særleg god kunnskapsdeling ved deltaking i ulike nettverk i regi av m.a. Vestland fylkeskommune, og interkommunale samarbeid, og dermed også gratis. Der finst kurs som gir refusjon av OU midlar.

Påverknad: Påverknad av tiltaket med reduksjon i innkjøp er vurdert ubetydeleg (grunna gratis/nær gratis alternativ tilgjengeleg for ein kommune).

I forhold til null-alternativet, krev tiltaket omstilling i måten ein jobbar på, og nokre medlemsskap må utgå.

Konsekvensen av tiltaket vert vurdert samla for eininga (likt for alle fagområda).

Tiltak 4: Energieffektivisering

Prissette konsekvensar

-900 000 reduksjon i drift. Konsekvens av ingen reduksjon i drift: - 5 400 000kr i tapt investeringskapital.

Ikkje-prissette konsekvensar

Tiltaket er i stor grad effektuert allereie.

Tiltaket fører til mindre vedlikehald då dei energieffektive løysingane og fører med seg mindre vedlikehald.

Samanstilling av prissette og ikkje-prissette konsekvensar på eininga

<i>Vurdering av verdi og påverknad for ikkje-prissette konsekvensar</i>				
Fagområde/avdeling: eining Utvikling	Null-alternativet		Etne 2030	
	Verdi	Påverknad	Verdi	Påverknad
Tiltak 1: Reduksjon i årsverk	Middels	Ubetydeleg endring	Middels	Noko forringa
Tiltak 2: Reduksjon i årsverk	Stor	Ubetydeleg endring	Stor	Forbetra
Tiltak 3: Reduksjon i 1% innkjøp årleg	Utan tyding	Ubetydeleg endring	Utan tyding	Ubetydeleg endring
Tiltak 4: Energieffektivisering	Middels	Forringa	Stor	Forbetra

<i>Vurdering av konsekvens av tiltak på sektor</i>				
Fagområde/avdeling	Null-alternativet		Etne 2030	
	Prissett	Ikkje-prissett	Prissett	Ikkje prissett
Tiltak 1: Reduksjon i årsverk eining Drift og Vedlikehald				
Sum konsekvens tiltak 1	-4 800 000	0	-800 000	0
Tiltak 2: Reduksjon i årsverk eining Utvikling				
Sum konsekvens tiltak 2	-12 000 000	0	-2 000 000	2+
Tiltak 3: Reduksjon i 1% innkjøp årleg				
Sum konsekvens tiltak 3	-735 000	0	-122 000	0
Tiltak 4: Energieffektivisering				
	-5 400 000	0	-900 000	+2

Sum konsekvens på sektor	-22 935 000	0	-3 822 000	4+
--------------------------	-------------	---	------------	----

Sum konsekvens på sektor Utvikling og Drift av føreslåtte tiltak i Etne 2030 er vurdert til 4+, svært stor positiv konsekvens av ikkje-prisette konsekvensar, og ein prissett konsekvens på -3 822 000 i reduserte driftsutgifter mot nullalternativet med -22 935 000 i tapt investeringskapital.

Finans

Finansområdet omfattar alle felles inntekter og utgifter. Her ligg alle inntekter som skal finansiera kommunen si drift som til dømes skatt, rammetilskot og eigedomsskatt. I tillegg omfattar det renteinntekter, utbytte, pensjon samt kostnader knytt til renter og avdrag.

Kvifor

Usikkerheita kring fleire av inntektskjeldene er betydeleg, og kommunen står ovanfor ei rekkje utfordringar. Endringar i befolkningssamansetninga vil direkte påverke inntektsgrunnlaget, og den varsla justeringa av inntektssystemet i 2025 gir ytterlegare usikkerheit til situasjonen. Til tross for forventa rentenedgang, blir bilete blir meir komplekst av ein ambisiøs investeringsplan, noko som vil auka både avdrags- og renteutgiftene.

Eigedomsskatten, med ein budsjettert sum på om lag 30 millionar i 2024, utgjer ei betydeleg inntektskjelde. Dei høge straumprisane dei siste åra vil vise igjen med ein auke i eigedomsskatten knytt til vasskraft frå 2025. I tillegg utbygging i Åkrafjorden vil gi ein auke i eigedomsskatt på vasskraft. Det er allereie solgt kraft for 2025 for å sikra inntekter, men nedgangen i straumprisane forventar å stabilisera kraftinntektene på eit meir normalt nivå. Prognosen for kraftinntekter i 2024 er i underkant av 22 millionar og i 2025 er prognosen ca 14 millionar. Ein forventar ytterlegare nedgang dei neste åra, og nedgangen frå 2023 til 2025 vil då vera ca 10 millionar. Med eit netto driftsresultat på ca 1 million i 2023 ser ein at desse inntektene blir brukt i drifta, og ein nedgang i inntektene vil krevja handling for å oppretthalda ein berekraftig økonomi.

Pensjonskostnadane har vore stigande dei siste åra, og i 2023 tømde kommunen premiefondet. Premieavviket vil gå noko ned, men pensjonskostnadene er høge og presser likviditeten.

Korleis?

Investeringane spelar ei sentral rolle i påverknaden av gjeldssituasjonen til kommunen, og det er naudsynt med grundig oppfølging for å sikra ein berekraftig økonomi.

Auke i porteføljeaktiviteten på aktiva har potensial til å generera aukande inntekter, men denne inntektskjelda er usikker. Ein pressa likviditet vil også kunne føre til at kommunen må selje aktiva.

Ein reduksjon i rammetilskot og kraftinntekter vil krevje nøye kostnadshandtering for å oppretthalda økonomisk stabilitet. For å sikra denne stabiliteten må utgiftene tilpassast nedgangen i kraftinntektene og dei demografiske endringane som påverkar kommunen. Dette gjer det tydeleg at investeringar, inntekter og utgifter heng tett saman.

Ei strategisk planlegging og konstant overvaking vil vera avgjerande for å sikra at kommunen er berekraftig, tilpassingsdyktig og i stand til å møte utfordringane som kjem med endringar i rammevilkår og demografi.

Kva?

Kommunen må tilpasse seg endringane, evaluere og løfte utfordringar for å oppretthalda den økonomiske posisjonen. Tilpassing til demografiske endringar, handtering av renterisiko og strategisk gjeldsforvaltning er nøkkeltiltak for å sikra berekraftig økonomi. Ved å vera førebudd på endringar i befolkningssamansetninga kan kommunen betre handtera utfordringane som kan oppstå, og tryggja langsiktig økonomisk stabilitet mens ein enda har ressursar til å omstille.

Dersom kommunen ikkje klarer dette vil det avgrensa handlingsrommet til kommunen, og ein må redusera investeringane. Det er viktig at kommunen gir rom for investeringar for å oppretthalda verdien av kommunen sin kapital.

- Investering og lånegjeld - investeringsplanen som no er vedtatt gir ein aukande gjeldsgrad. I 2027 ligg denne ann til å ligge på 94%. Ein slik plan krev at ein har ei drift som gir rom for betaling av aukande renter og avdrag. Investeringsplanen som gir innsparing i drift t.d energitiltak vil bidra positivt, men ein er framleis avhengig av ei optimalisering av drifta. Dersom ein ikkje klarer å redusere driftsutgiftene må investeringsplanen revurderast.

- Rammetilskot og skatteinntekter - endring i inntektene krev omstilling i sektorane. Det blir færre yrkesaktive og fleire eldre og det er viktig at kostnadsnivået i dei ulike sektorane ligg på eit berekraftig nivå. Dette krev omstilling, og dersom ein ikkje klarer å redusere/optimalisere etter behovet vil dette påverke handlingsrommet i både drift og investering.

- Kraftinntekter - nedgang i kraftinntekter krev omstilling i drift. Drifta bør ligge på eit slikt nivå at ein kan setje av kraftinntektene på disposisjonsfond for å gi rom for investeringar. Kraftinntektene bør vera ei inntekt som er med å byggjer opp ein buffer for kommunen og som kan vera med å redusere behovet for låneopptak.

-Inntektskjeldene til kommunen er viktige. For å ha ei berekraftig drift er det viktig å følge opp alle inntekter kommunen har krav på og søkje om tilskot i dei høva der det er mogleg.

- ROBEK – dersom kommunen nå ikkje gjer grep i drifta, vil kommunen om 1-2 år ha brukt opp disposisjonsfondet og står i fare for å bli oppført i ROBEK-lista med dei avgrensingane det inneber.

Oppsummering

Etne 2030 skisserer ein omfattande plan for tilpassing og utvikling i Etne kommune fram mot 2040, med fokus på demografi, økonomi, og samfunnsendring. Dokumentet fremjar kommunen sitt ønskje om å vera ein attraktiv stad for barn, unge, og å fremje folkehelse, og anerkjenner dei utfordringane som kjem med demografiske endringar og økonomiske behov. Etne kommune står overfor ein nedgang i folketalet og ein eldande befolkning, noko som påverkar både økonomi og tilbod av offentlege tenester. Dette krev strategiske investeringar for å auke livskvaliteten og attraktiviteten i kommunen.

Det er utarbeidd ein detaljert økonomiplan som reflekterer ein nødvendig reduksjon av utgifter, med eit mål om innsparing på 17 millionar kroner. Demografiske endringar peikar på utfordringar som vil påverke kommunens tenesteleveransar og økonomisk berekraft, med særleg fokus på auka utgifter til helse- og omsorgstenester og potensielle reduksjonar innan oppvekst- og kultursektoren.

Planen tar for seg tiltak for å tilpasse driftsnivået til endrande demografiske forhold og økonomiske ramar, inkludert effektivisering av administrasjonen, optimalisering av tenestelevering gjennom digitalisering, og strategiar for å redusere kostnader knytt til innkjøp. Den legg også vekt på viktigheita av interkommunalt samarbeid og rekruttering av kompetanse til å møte framtidige behov.

Etne 2030 understrekar behovet for ein holistisk tilnærming til samfunnsplanlegging, med ein visjon om å skape eit inkluderande, berekraftig, og aldersvenleg samfunn. Planen erkjenner utfordringar som ligg framfor, men presenterer også ei rekke strategiske tiltak og innovasjonar som skal bidra til å forma eit positivt framtidsscenario for Etne kommune.

Planen vil fungere som ein styrande strategi for alle framtidige budsjettprosessar. Endringar i samfunnsdelen kan føre til justeringar av planen. Nye tiltak, investeringar og eventuelle andre faktorar som kan påverke den noverande økonomiplanen, skal handsamast i kvar budsjettprosess, men vil krevje eige finansiering.

Det er uansett viktig å minne om at denne planen er essensiell for å kunne finansiere den allereie vedtekne økonomiplanen, og at eventuelle endringar i planen må halde økonomiplanen i balanse.